



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Festsalen, Florø kulturhus
Dato:	15.12.2022
Tid:	Kl. 09:00 - 19:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Geir Arne Solheim	Kinn MDG
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Kjell Heggen	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V
Asgeir Olav Solheim	UAH
Fredrik Smiley Egeberg	UAH
Randi Hagevik Aare	UAH
Tom Andrè Vedvik Hopland	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Kim Gunnar Jensen	Kinn AP	Doris Christensen	Kinn AP
Lars Terje Standal	Kinn AP	Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Leif Magne Gil	Kinn AP	Thea Louise Esp	Kinn AP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H	Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt	Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Gustav Johan Nydal	168/22		Representanten Nydal erklært inhabil jamfør forvaltningslova §6 2. ledd.

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen, kommunalsjef økonomi Linda Nipen, kommunalsjef oppvekst og undervisning Runa Nybakk, kommunalsjef helse og velferd Norunn Stavø, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø Rolf Bjarne Sund, budsjetttrådgjevar Ingunn Frislid Solheim, stabsleiar Linda Larsen, dagleg leiar Havhesten KF Magny Rogne, dagleg leiar KURS KF Ninja Tolo Ness, dagleg leiar Florø hamn KF Linda Mortensen Midtbø, streaming v/ Henrik Ulriksen, sekretariat v/ Frida Rogne.

Andre som møtte:

Ungdommens kommunestyre v/ Håkon Heggen, leiar i kontrollutvalet Kjell Heggen.

Ymse:

Arlene Vågene permisjon frå kl. 12.00-19.30. Vara Ørjan Kvalheim tiltredde.
Torgunn Eikevik permisjon frå kl. 12.45-14.00. Vara Anita Eikevik tiltredde.
Frank Willy Djuvik tiltredde møte kl. 09.50.
Geir Arne Solheim tiltredde møte kl. 09.15.
Vebjørn Leite Olsen tiltredde som vara for Ørjan Kvalheim i sak 180/22.


Utdeling av arbeidsmiljøprisen:

Avdelingsleiar Mette Reksten Solheim på Florø omsorgssenter fekk tildelt arbeidsmiljøprisen 2022. Ordførar Ola Teigen delte ut prisen på vegner av komitéen.

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
157/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
158/22	Spørsmål
159/22	Godkjenning av møteprotokoll
160/22	Refererte skriv og meldingar
161/22	Drift og investeringsbudsjett. Handlingsplan KF Bordgleder 2023
162/22	Økonomiplan - Investering Florø hamn Kinn kommune KF 2023-2026
163/22	Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2023
164/22	Driftsbudsjett 2023 Florø hamn Kinn kommune KF
165/22	Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF
166/22	Budsjett og handlingsprogram 2023 for Havhesten Kinn kommune KF
167/22	Økonomiplan og handlingsprogram 2023-26 KURS KF
168/22	Endeleg godkjenning - Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113
169/22	Retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune
170/22	Eigedomsskatt fritakliste 2023
171/22	Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a
172/22	Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a
173/22	Administrativ revisjon av gebyrforskrifta, plan, byggesak, oppmåling, matrikkel og eigarseksjonering
174/22	Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
175/22	Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune
176/22	Handlingsplan for frivilligheit
177/22	Temaplan Helse og velferd 2022-2034. Kinn kommune
178/22	Skjenkeløyve - Batalden Ishus AS - 2020-2024
179/22	Samarbeidsavtale Fjordane Friluftsråd, vedtak i medlemskommunane
180/22	Disponering av kommunestyret sin restpott for 2022
181/22	Alden hamneområde: endring av organisasjonsform etter ny kommunelov
182/22	Møteplan 2023
183/22	Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 Kinn kommune
184/22	Interpellasjonar
005/22	Interpellasjon - Nye brannstasjoner i Kinn
006/22	Interpellasjon - midlar til dei mest utsette familiane
185/22	Søknad om fritak frå politiske verv - Kim Gunnar Jensen
187/22	Høyringssvar NOU 2022:10 Inntektssystemet for kommunene
188/22	Val av komite for politisk organisering



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/59872
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 08.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
157/22	Kommunestyret	15.12.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Samrøystes vedtatt å trekke sak 186/22 nye produksjonslokalar for Bordgleder KF frå saklista.

Raudt sin interpellasjon trekkast frå saklista då innsendar av interpellasjonen Kjell Oldeide ikkje var tilstades.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 157/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
158/22	Kommunestyret	15.12.2022

Spørsmål

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Spørsmål frå Frank Willy Djuvik

Er det riktig at ordføraren har oppmoda Kystverket om å flytte planlagde midlar for opprusting av Hendanes fyr til Ytterøyane fyr?

Det har vore jobba lenge med å finne ei løysing for opprusting og ivaretaking av Hendanes fyr. Og etter det eg har fått opplyst, så hadde Kystverket sett av midlar til å gjennomføre ein del utbetringstiltak allereie i 2023.

Men etter det eg får opplyst så har ordføraren i Kinn oppmoda Kystverket om at desse midlane vart flytta til Ytterøyane fyr i staden? Medfører dette riktighet, eller er det Kystverket som har misforstått?

Det er svært gledeleg at det vert sett av midlar til opprusting av Ytterøyane fyr, det er sårt trengte midlar som er viktige for å vedlikehalde og utvikle fyret. Samstundes er det og eit stort behov for opprusting av Hendanes fyr, og det er kritisk for fyret at det vert gjort strakstiltak for at det ikkje skal verte varig øydelagt. Eg vil og peike på det store behovet for attraksjonsutvikling i Måløy, med 130.000 planlagde besøkande i løpet av 2023. Fyra i regionen er viktige attraksjonar med potensiale for mange tusen besøkande cruiseturistar kvart år.

Det er svært positivt at ordføraren har eit stort engasjement for oppgradering av Ytterøyane fyr, men om ordføraren har bedt Kystverket om å flytte naudsynnte oppgraderingsmidlar frå Hendanes til Ytterøyane, så er det både sterkt beklageleg og kritikkverdig.

Eg håpar at ordføraren kan bidra til å oppklare denne saka, og samstundes kanskje seie noko om korleis kommunen jobber for å ta vare på og utvikle Hendanes fyr.

Svar frå ordførar

Hadde eg fått ei tekstmelding eller blitt oppringt ang dette, eller blitt satt i kontakt med dei som ev. har framsatt påstanden om at her har det skjedd noko, så hadde eg som ordførar hatt moglegheit til å reagere. Då hadde eg som ordførar hatt moglegheit til å kontakte Kystverket og spurt om det er ein missforståelse, kva som er grunnen til dette, og om det er noko Kinn kommune kan gjere slik at midlar som er satt av blir ståande. Den moglegheiten fekk eg ikkje, så då er det kanskje rett slik Djuvik seie at midlane er vekke. Det synst eg er trist, Hendanes fyr er eit fantastisk fyr som fortjener ei

opprusting.

Vi har satsa på Hendanes tidlegare, vi har gått inn med 1 million for å ruste opp vegen, det har vert private initiativ som har hatt ønske om å utvikle område, og dei har hatt dialog med Kystverket. Kor den dialogen er veit eg ikkje, men om det har vert noko der skulle eg gjerne vert informert.

Korleis kjem denne påstanden, og kor kjem det frå at ordførar kan påverke prioriteringane til Kystverket? Spesielt når eg ikkje har vert bort i dette fyret på vertfall to år, då eg sist var ute på synfaring. Det eg har hatt befattning med, er Ytterøyane fyr. og då vil eg benytte anledningen til å skryte av Stein Malkenes som har gjort eit kjempe godt arbeid med å utvikle moglegheitane kring Ytterøyane fyr. i ein 10-15 års periode har han arbeida opp mot statsforvaltaren for ålmenta skal få tilgang både til bygningsmassen og øya. Fyret er freda og området er eit fuglereservat, så det er sterkt begrensa kva ein kan tillate av trafikk, likevel har han saman med frivillige, fått ein avtale med statsforvaltaren på at ein kan nytte område til blandt anna reiselivsformål.

I fjor pussa dei opp fyrlykta, vidare ønskjer han å elektrifisere fyret. Det har berre vore dieselagregat der som ikkje er i god stand og ikkje er miljøvenleg, og der har Malkenes sitt engasjement resultert i at Kystverket også vidare satsar på utvikling av fyret. At dette kjem på bekostning av Hendanes er fullstendig ukjent for meg. Eg har kontakta Malkenes og høyrte om han har høyrte om dette, og det hadde han ikkje. Eg har ringt til han som har ansvaret i Kystverket for vedlikehald på Ytterøyane, og han var heller ikkje kjent med at Kinn kommune muntleg eller skriftleg har påverka for å omprioritere midlar. Eg har ringt til han som er over det nivået igjen, og spurt om det same. Nei, det var han ikkje kjent med. Eg har også ringt til han som er over der igjen, og han var heller ikkje kjent med dette. Så det er ein stor overraskelse for meg å høyre dette her.

Røysting:


Ingen røysting.

KOST- 158/22 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Spørsmål til ordføraren om Hendanes Fyr



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/57678
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
159/22	Kommunestyret	15.12.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 159/22 Vedtak:


Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 17.11.2022

Protokoll - Kommunestyret - 26.10.2022



Saksnr.	Utval	Møtedato
160/22	Kommunestyret	15.12.2022

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

025/22, Protokoll - Kontrollutvalet - 16.11.2022

026/22, Kopi av brev - Skjønnsmidlar 2022 - fordeling av resten av ramma for Vestland

027/22, NOU 2022: Inntektssystemet for kommunene - Høring

028/22, Utsatt høringsfrist - NOU 2022:10 Inntektssystemet for kommunene

029/22, Revisjonshonorar 2023 - Vestland Revisjon

030/22, Budsjett for kontrollordninga 2023

031/22, Høyring: Utgreiing av ei framtidsretta arkivorganisering i Vestland

032/22, Informasjon frå styret i Sogn og Fjordane Holding om utbyte og eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi AS

033/22, Informasjon om utbygging av breiband

034/22, Kinn kommune - lovlegkontroll av vedtak i sak om tilskot til Aksello AS

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:


Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 160/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksnr.	Utval	Møtedato
025/22	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	24.10.2022
089/22	Formannskapet	29.11.2022
161/22	Kommunestyret	15.12.2022

Drift og investeringsbudsjett. Handlingsplan KF Bordgleder 2023

Innstilling frå dagleg leiar:

Drift og Investeringsbudsjett vedta slik det er framlagt frå dagleg leiar

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Drift og Investeringsbudsjett vedtatt slik det er framlagt frå dagleg leiar.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 24.10.2022:

Handsaming:

innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedtatt

BOGL- 025/22 Vedtak:

Drift og Investeringsbudsjett vedta slik det er framlagt frå dagleg leiar

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Styret i Bordgleder KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 089/22 Vedtak:

Drift og Investeringsbudsjett vedtatt slik det er framlagt frå dagleg leiar.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Styreleiar Jacob Nødseth orienterte om at det kjem ein justering i 2023.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tillegg frå kommunedirektøren samrøystes vedtatt.

KOST- 161/22 Vedtak:

Drift og Investeringsbudsjett vedtatt slik det er framlagt frå dagleg leiar. Økonomiplan skal samsvare med økonomiplan til Kinn kommune i sak 183/22.

Bakgrunn for saka:

IA

Saksopplysningar:

IA

Vurderingar:

IA

Økonomiske konsekvensar:


IA

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

IA

Vedlegg i saken:

Vedtatt drift og investeringsbudsjett Bordgleder KF 2023-2025
Handlingsplan 2023
Bordgleder - forskriftsskjema til budsjettsaka



Kinn kommune

Arkiv: FE-10
JournalpostID: 22/49756
Sakshandsamar: Linda Mortensen
Midtbø
Dato: 19.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
162/22	Kommunestyret	15.12.2022
084/22	Formannskapet	29.11.2022

Økonomiplan - Investering Florø hamn Kinn kommune KF 2023-2026

Hamnestyret sitt framlegg til vedtak:

Økonomiplan – investering for Florø hamn kinn kommune KF 2023-2026 vert vedtatt slik den ligg føre.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Hamnestyret sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 084/22 Vedtak:

Økonomiplan – investering for Florø hamn kinn kommune KF 2023-2026 vert vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Innstilling formannskapet - 29.11.2022, foreslått av ,
Økonomiplan – investering for Florø hamn kinn kommune KF 2023-2026 vert vedtatt slik den ligg føre.

Orientering v/ dagleg leiar Linda Mortensen Midtbø.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tillegg frå kommunedirektøren samrøystes vedtatt.

KOST- 162/22 Vedtak:

Økonomiplan – investering for Florø hamn kinn kommune KF 2023-2026 vert vedtatt slik den ligg føre. Økonomiplan skal samsvare med økonomiplan til Kinn kommune i sak 183/22.

Bakgrunn for saka:

Framlegg til økonomiplan – investering Florø hamn Kinn kommune KF i perioden 2023-

Saksopplysninger:

Florø hamn Kinn kommune KF fortset si store aktivitet og har fleire prosjekt framover. Renter og avdrag til auka vesentleg i planperioden, tett og god økonomistyring er svært viktig for å dekke inn investeringane. Vi reknar 2% rente for alle 4 år. Nedbetalingstid er 30 år for dei fleste låna.

Saksopplysninger:

Florø hamn Kinn kommune KF fortset si store aktivitet og har fleire prosjekt framover. Renter og avdrag til auka vesentleg i planperioden, tett og god økonomistyring er svært viktig for å dekke inn investeringane. Vi reknar 2% rente for alle 4 år. Nedbetalingstid er 30 år for dei fleste låna.

For investeringar i 2023 er det lagt opp til (totalt kr 35 650 000)

Kjøp av areal	Kr.	2000000
Veg til Botnastranda, omdisponering areal	Kr.	1200000
Forsterkning kai D, Fugleskjærkaia. Prosjektet startet opp i 2022.	Kr.	19200000
Flytebrygge ved Fiskerikai, Hestneset	Kr.	300000
Veg til offentlig kai	Kr.	1000000
Rehabilitering Gunhildvågen, under kaia	Kr.	300000
Nytt dekke Amtskaia, nye brukere krev bedre dekke	Kr.	150000
NOKK – Vinsj – Trosser, HMS-tiltak. Fortsettelse frå 2022	Kr.	100000
Kjøp – salg- Aksjer Måsholmen, i forb med containerhamnprosjekt	Kr.	1000000
Kjøp – salg – aksjer Skipskraft	Kr.	1000000
Flytebrygge AMFI, må rustast opp	Kr.	200000
Flytte containerterminal, frå Fugleskjærkaia	Kr.	1000000
Kollektivterminalen, 3. etasje. Etasjen er tom. Ynskjer leigetaker har signert før arbeid starter	Kr.	8000000
Strømsøyler + strømskap Gjestebrygga, modernisering	Kr.	200000

Finansiering av desse er planlagt med:

- Bruk av interne lån: kr. 33650000
- Overføring frå drift/disp.fond kr. 2000000

For investeringar i 2024 er det lagt opp til (totalt 43 600 000)

Kjøp av areal	Kr.	2000000
Veg til offentlig kai	Kr.	1000000
Fase II Botnastranda	Kr.	35000000
Elektrisk bil med åpent dekk, til bruk til all drift, erstatter eksisterande bil	Kr.	600000
Kjøp – salg- Aksjer Måsholmen	Kr.	1000000

Kjøp – salg – aksjer Skipskraft	Kr.	1000000
Lager Fugleskjærkaia, trenger bedre tilgjengelighet for drift	Kr.	3000000

Finansiering av disse er planlagt med:

- Bruk av interne lån: kr. 41600000
- Overføring frå drift/disp.fond kr. 2000000

For investeringar i 2025 er det lagt opp til (totalt kr 54 000 000)

Kjøp av areal	Kr.	3000000
Fase II Botnastranda, forlenge kai G	Kr.	35000000
Forlenging kai C, Fugleskjærkaia, vestover	Kr.	10000000
Utvide kai Botnastranda øst til 150m	Kr.	40000000
Kjøp – salg – aksjer Skipskraft	Kr.	1000000

Finansiering av disse er planlagt med:

- Bruk av interne lån: kr. 53000000
- Overføring frå drift/disp.fond kr. 100000

For investeringar i 2026 er det lagt opp til (totalt 22 00 000)

Forlenging kai C, Fugleskjærkaia, vestover	Kr.	15000000
Kjøp – salg – aksjer Skipskraft	Kr.	1000000
«Det grønne skiftet», for å tilby nye energikilder til kunder	Kr.	6000000

Finansiering av disse er planlagt med:

- Bruk av interne lån: kr. 21000000
- Overføring frå drift/disp.fond kr. 1000000


Vurderingar:

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Investeringsbudsjett 2023-2026 totalt rev1
Forskriftsskjema



Saksnr.	Utval	Møtedato
082/22	Formannskapet	29.11.2022
163/22	Kommunestyret	15.12.2022

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2023

Hamnestyret sitt framlegg ti vedtak sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2023 vert godkjent som vedlagt saka.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2023 vert godkjent som vedlagt saka.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Hamnestyret sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 082/22 Vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2023 vert godkjent som vedlagt saka.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 163/22 Vedtak:

Handlingsplan for Florø hamn Kinn kommune KF 2023 vert godkjent som vedlagt saka.

Bakgrunn for saka:

Handlingsplan for Florø hamn KF 2023.

Saksopplysningar:

Hamneplanen er det overordna styringsdokumentet til Florø hamn KF.

Handlingsplanen er årsplanen med prioriteringar. Dei største linjene er med her, mens detaljane ligg i vedlikehaldsstyringssystemet ProResult. Målet er at handlingsplanen skal vere kort, brukarvenleg og gjennomførbar. Sjå handlingsplanen i sin heilhet som vedlagt saka.

Dei tilsette har hatt ein felles gjennomgang av handlingsplanen og gitt sine innspel til forbetringar. Det gjeld særskild på fokusområde «HMS og medarbeidere» og «Berekraft».

Vurderingar:


Økonomiske konsekvensar:

Handlingsplanen og budsjettframlegget for 2023 er tett knytta saman.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

HANDLINGSPLAN 2023, inkl. justeringar bestemt på hamnestyremøtet 20.10.2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-10
JournalpostID: 22/57438
Sakshandsamar: Linda Mortensen
Midtbø
Dato: 21.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
085/22	Formannskapet	29.11.2022
164/22	Kommunestyret	15.12.2022

Driftsbudsjett 2023 Florø hamn Kinn kommune KF

Hamnestyret sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Driftsbudsjettet for 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Hamnestyret sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 085/22 Vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 164/22 Vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Driftsbudsjett 2023 for Florø Hamn Kinn Kommune KF.

Saksopplysningar:

Driftsbudsjettet var handsama i hamnestyret, 17.10.2022, med følgjande saksopplysningar.

Driftsbudsjettet vert lagt fram for hamnestyret, for deretter å bli endeleg handsama i Kinn kommunestyre. Hamnesjefen meiner at budsjettet er ansvarleg ut frå dei tilhøve som ligg føre. Ein føreset at avgifter og vederlag er tilstrekkeleg til å dekke hamna sine utgifter og for å gjennomføre den til einkvar tid gjeldande handlingsplan. Framlegg til diverse vederlag 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert fremja som eiga sak.

Kommentarer rundt større avvik ift tidlegare år.


- Utleigeinntekter. Vi har tatt utgangspunkt i leigeinntekter pr i dag, inkl utleige av kai G og B76. I tillegg kjem leigeinntekter i kollektivterminalen. Totalt sett innebærer dette noko risiko for lågare inntekter avhengig av framtidige avtaler.
- Lønn og sosiale kostnader. Vi har bemanna opp ift 2022, men i tråd med tidlegare budsjett om auka bemanning i administrasjonen.
- Annonser og marknadsføring. Vi vil auke frekvensen for annonsering av våre tenester, inkl utleige av lokale. I tillegg kjem nye heimesider som innebærer ei vesentleg auke i kostnadene for 2023.
- Straumkostnader har stor auke ift budsjett 2022. Dette skyldast landstrømsanlegget som innfrir forventningane langt tidlegare enn prognosane sa i 2021. Dette ser ein og igjen i inntektene.
- Husleige har auka internt pga nye kontor i kollektivterminalen. I tillegg til husleige for eigen bruk av kontor, vert Florø Hamn belasta med husleige i 3. etasje som foreløpig står tom og utan leigeinntekt. Vi har som mål å få leigetakere inn i 3. etasje iløpet av hausten 2023. Dette er tatt hensyn til i utleigeinntektene.
- Vedlikehald og serviceavtalar, reinhald. Vi har fortsatt noko etterslep ift vedlikehald for alle våre anlegg. I tillegg vil kostnadane for denne typen kostnad auke, som følgje av den nye kollektivterminalen. Noko at dette vil bli trukket inn igjen gjennom felleskostnader for leigetakarar.
- Reiseutgifter og transportmidler. Noko høgare kostnader då Florø Hamn planlegger auka reiseaktivitet. I tillegg har vi nytt transportmiddel som vi har investert i for å auka eigen effektivitet.
- Renteutgifter og avdrag. Som følgje av store investeringar siste åra vil både renteutgifter og avdrag auke vesentleg. Størst avvik ift tidlegare vedtatte planer er det imidlertid for de konserninterne renteutgiftene. Florø Hamn Kinn Kommune
- KF kan ikkje ta opp lån på eigen hand, men må forholde seg til Kinn Kommune sitt låneopptak. Vi har forsøkt å be om fastrente, men dette har vi ikkje fått aksept for.

Vedlegg i saken:

Driftsbudsjett 2023 Florø Hamn Kinn Kommune KF

Budsjettkontroll pr 16.10.22 - kvartalsvis Florø Hamn Kinn kommune KF

Prosjekt 2020-2022 regnskap mot budsjett Florø Hamn Kinn Kommune KF



Saksnr.	Utval	Møtedato
087/22	Formannskapet	29.11.2022
165/22	Kommunestyret	15.12.2022

Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF

Styret i Havhesten KF sitt framlegg til vedtak:

Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Styret i Havhesten KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 087/22 Vedtak:

Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Orientering v/ styreleiar Anders Ole Sunnarvik.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tillegg frå kommunedirektøren, samrøystes vedtatt.

KOST- 165/22 Vedtak:

Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert vedtatt slik det ligg føre.
Økonomiplan skal samsvare med økonomiplan til Kinn kommune i sak 183/22.

Bakgrunn for saka:

Økonomiplan 2024-2026 for Havhesten Kinn kommune KF vert lagt fram for godkjenning.

Saksopplysningar:


Sjå vedlegg.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vedlegg.

Vedlegg i saken:

Økonomiplan 2024 - 2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
086/22	Formannskapet	29.11.2022
166/22	Kommunestyret	15.12.2022

Budsjett og handlingsprogram 2023 for Havhesten Kinn kommune KF

Innstilling frå styret i Havhesten Kinn kommune KF:

Kinn kommunestyre godkjenner Havhesten Kinn kommune KF sitt budsjett og handlingsprogram for 2023 slik det ligg føre, samt økonomiplan 2024 – 2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Kinn kommunestyre godkjenner Havhesten Kinn kommune KF sitt budsjett og handlingsprogram for 2023 slik det ligg føre, samt økonomiplan 2024 – 2026.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Styret i Havhesten KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 086/22 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner Havhesten Kinn kommune KF sitt budsjett og handlingsprogram for 2023 slik det ligg føre, samt økonomiplan 2024 – 2026.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tillegg frå kommunedirektøren, samrøystes vedtatt.

KOST- 166/22 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner Havhesten Kinn kommune KF sitt budsjett og handlingsprogram for 2023 slik det ligg føre, samt økonomiplan 2024 – 2026. Økonomiplan skal samsvare med økonomiplan til Kinn kommune i sak 183/22.

Bakgrunn for saka:

Styret i Havhesten KF har ved sin gjennomgang av budsjett 2023 lagt med saka en merknad som gjelder manglande dekning av finanskostnader for spillemidler, og krav om kommunal utbytte som må finansieres av foretaket sin egenkapital.

Handlingsprogrammet for 2023 omhandlar status for anlegget i høve kunder, tilbod og ulike aktivitetar som våre besøkande kan velje mellom.

Saksopplysningar:

Vi forventar at våre kundar får ein strammare økonomi for 2023 og at Havhesten dermed vil få eit lågare antal besøkande. For å kompensere for inntektstap vil vi vurdere å differensiere priser i pressa perioder som helger og ferier, då vi har ein betydeleg høgre personalkostnad i desse periodane.

Budsjettet for 2023 er satt opp slik vi meiner at vi kjem ut økonomisk. Vi har ein forsiktig auke i inntekter. Utgiftene er relativt høge, grunna utbetaling av utbytte, høg prisstigning og service på dei tekniske anlegga. Vi bereknar også at straumprisen vil vert meir normalisert for 2023.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vedlegg.


Vedlegg i saken:

Merknad frå styret i Havhesten KF

Budsjett 2023

Handlingsprogram 2023

Forskriftsskjema - Økonomiplan for 2023-2026 - Havhesten Kinn kommune KF



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/22	Formannskapet	29.11.2022
167/22	Kommunestyret	15.12.2022

Økonomiplan og handlingsprogram 2023-26 KURS KF

Innstilling frå styret til Kinn utdannings og ressurscenter KF:

- 1.Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan slik det går fram av vedlegg i saka.
- 2.Kinn kommune vil busette inntil 175 flyktningar i 2023, evt. familieegjenforeningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

- 1.Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan slik det går fram av vedlegg i saka.
- 2.Kinn kommune vil busette inntil 175 flyktningar i 2023, evt. familieegjenforeningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Framlegg til vedtak frå styret i KURS KF samrøystes vedtatt.

FORM- 088/22 Vedtak:

- 1.Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan slik det går fram av vedlegg i saka.
- 2.Kinn kommune vil busette inntil 175 flyktningar i 2023, evt. familieegjenforeningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

- Retting av feil i sak, foreslått av Ronny Cassells, Kinn Arbeiderparti
2. Kinn kommune vil busette inntil 190 flyktningar i 2023, evt. familieegjenforeningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Orientering v/ styreleiar Ronny Cassells.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tillegg frå kommunedirektøren, samrøystes vedtatt.
Tilleggsforslag frå repr. Cassells samrøystes vedtatt.

KOST- 167/22 Vedtak:

1.Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan slik det går fram av vedlegg i saka. Økonomiplan skal samsvare med økonomiplan til Kinn kommune i sak 183/22.

2.Kinn kommune vil busetje inntil 190 flyktningar i 2023, evt. familiegjennforeningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Bakgrunn for saka:

IMDi sin anmodning om busetting av flyktningar i Kinn kommune 2023 er ikkje motteken på noverande tidspunkt. Det er rimelig å anta at vi blir bedt om å busetje minst tilsvarende tal som i 2022. Dette baserer seg på prognose på ankomst av 40 000 Ukrainske flyktningar til Norge i 2023 som vart lagt fram frå UDI 08.11.22.

Saksopplysningar:

Budsjettet til KURS KF heng i all hovudsak saman med kor mange flyktningar vi kvart år blir beden av IMDi om å busetje. Frå ein nedgang i busettingstalet dei siste åra, har krigen i Ukraina gjort at vi i 2022 har, og i 2023 skal busette rekordhøge tal. Budsjettet tek høgde for eit noko mindre tal enn 175, ettersom det fram til vi faktisk får ein anmodning er ein risiko for at talet blir mindre. Det er også risiko for at det reelle busettingstalet blir lågare enn anmoda, fordi IMDi prioriterer fordelingar til andre kommunar, eller at krigen får ei raskare avslutning enn det ser ut til per i dag. Ved busetting er det mange tenester i kommunen som er involvert. Busettingstalet vil få betydning for dimensjoneringa av alle desse. Når ein skal vurdere kor mange flyktningar Kinn kommune kan klare å ta i mot i 2023, er det viktig med involvering og forankring hos dei som vil få oppgåver å løyse i sine tenester. Ein vurderer at for å klare fortsatt høge busettingstal i 2023 vil det være naudsynt å fokusere ytterlegare på busetting i Måløy/Raudeberg og Eikefjordområdet. Dette heng mellom anna saman med tilgang på bustadmasse, men også kapasitet i tenester som til dømes skule og barnehage.

Auka busettingar gjer at vi på inntektssida mottek auka integreringstilskot. Vi har utvida drifta vår, og tilsett fleire nye i både faste og midlertidige stillingar i 2022. Vi ser også at det vil være behov for å lyse ut stillingar i 2023, noko som er lagt inn i budsjett. Dette heng ikkje utelukkande saman med auka aktivitet, men skuldast også forventna naturleg avgang. Budsjettet for 2023 har også auka rammene for kjøp av tenester frå kommunen. Dette med sikte på at alle utgifter knytt til busettings og inkluderingsarbeid skal dekkast gjennom bruk av integreringstilskot. Dagleg leiar vil tilrå at KURS KF held fram med å nytte språklosar i undervisning og i dei obligatoriske elementa i introduksjonsprogrammet. Det er også tilrådd å dekke inn vakansar/styrke avdeling FoU. Vi ser at siste halvår har avdelinga ikkje hatt nok ressursar til å oppretthalde og vidareutvikle den gode aktiviteten som vi ynskjer på området, og syns difor det er viktig å ha fokus på dette frametter. Det er ikkje budsjettert for inntekter frå prosjekt. Dette fordi 3 av 4 pågåande prosjekt vert avslutta ved nyttår, og det siste er det framleis usikker om skal forlengast inn i 2023. Dersom vi får tilslag på nye prosjektsøknadar i 2023 må dette leggjast inn i samband med revidering av budsjett.

Vurderingar:

Det framlagte budsjettet legg opp til at Kinn kommune kan rekne med å ta imot eit dekningsbidrag på 10 millionar i 2023, i tillegg til den ramma som er sett av til kjøp av kommunale tenester. Det er vidare lagt opp til at bidraget vert redusert gjennom økonomiplanperioden. Den største usikkerheita ligg i kor lenge situasjonen i Ukraina vil vare, og kor mange av dei flyktningane vi buset som vil velje å returnere til Ukraina både på kort og lang sikt.

Vedlegg i saken:


Budsjett og økonomiplan 2023-2026 KURS KF

Kjøp av tjenester 2023

Forskriftsskjema 2023-2026

Handlingsprogram KURS KF 2023

Møtebok styremøte KURS KF 15.11.22



Kinn kommune

Arkiv: PlanId-352/7,
PlanNamn-
Allmenningen
næringsområde,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-352/7
JournalpostID: 22/52704
Sakshandsamar: Heidi Dyrøy
Dato: 20.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/22	Plan-, miljø og næringsutvalet	22.11.2022
154/22	Kommunestyret	17.11.2022
168/22	Kommunestyret	15.12.2022

Endeleg godkjenning - Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113 med ROS-analyse datert 10.02.2022 og planomtale med KU, plankart og føresegner sist datert 12.10.2022
 2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
-
1. Ved godkjenning av Detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl. Næring, planID 20210113 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande plan, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Eldre reguleringsplan for Almenning av 22.02.1985, PlanID 1439 198502

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 22.11.2022

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113 med ROS-analyse datert 10.02.2022 og planomtale med KU, plankart og føresegner sist datert 12.10.2022
2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl. Næring, planID 20210113 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande plan, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Eldre reguleringsplan for Almenning av 22.02.1985, PlanID 1439

Kommunestyret 17.11.2022:

Handsaming:

Sak utsatt i sak 145/22 *Godkjenning av innkalling og sakliste* på grunn av behandling i hovudutvala før endeleg vedtak i kommunestyret.

KOST- 154/22 Vedtak:

Ingen vedtak.

Plan-, miljø og næringsutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

Orientering v/ arealplanleggar Heidi Dyrøy.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 087/22 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113 med ROS-analyse datert 10.02.2022 og planomtale med KU, plankart og føresegner sist datert 12.10.2022
2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl. Næring, planID 20210113 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande plan, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Eldre reguleringsplan for Almenning av 22.02.1985, PlanID 1439 198502

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Habilitetsvurdering av Gustav Johan Nydal som er styreformann i Nordvestvinduet AS og dermed er part i saka. Nydal vart samrøystes erklært inhabil jf. forvaltningslova § 6 2. ledd, og fråtrede møte under handsaming av saka.

Røysting:

Innstilling frå plan-, miljø og næringsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 168/22 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113 med ROS-analyse datert 10.02.2022 og planomtale med KU, plankart og føresegner sist datert 12.10.2022
2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Ved godkjenning av Detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl. Næring, planID 20210113 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til, og oppheve delar av følgjande plan, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner:
 - Eldre reguleringsplan for Almenning av 22.02.1985, PlanID 1439

KVA SAKA GJELD

Privat forslag til detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl., næring, planID 20210113, er utarbeidd av OSE AS (plankonsulent) på vegne av Nordvestvinduet eiendom AS (forslagsstillar). Planområdet ligg på Allmenningen i nordre del av Kinn kommune, og utgjer om lag 50 daa og omfattar både areal på land, utfylling i sjø med fyllingsfot og sjøareal.

Nordvestvinduet AS har i dag etablert bedrift i planområdet for produksjon av vindauge, dører og fasadeelement. Formålet med reguleringa er å leggje til rette for å kunne utvide næringsarealet for bedrifta, betre logistikk av varetransport og å etablere tryggare tilkomst frå riksvegen til næringsområdet. Forslagsstillar ønskjer også å posisjonere seg til å kunne ta imot massar frå Kystverket sitt anleggsarbeid knytt til Stad skipstunell.

Saka har vore på høyring i tidsrommet 24.06.2022 – 26.08.2022, med utvida merknadsfrist til 12.09.2022. Det er kome 8 innspel frå offentleg instansar. Merknadane er innarbeidd i planframlegg til endeleg godkjenning.

INNLEIING

Formålet med reguleringa

Privat forslag til detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl., næring, planID 20210113, er utarbeidd av OSE AS (plankonsulent) på vegne av Nordvestvinduet eiendom AS (forslagsstillar). Planområdet ligg på Allmenningen i nordre del av Kinn kommune, og utgjer om lag 50 daa og omfattar både areal på land, utfylling i sjø med fyllingsfot og sjøareal.

Nordvestvinduet AS har i dag etablert bedrift i planområdet for produksjon av vindauge, dører og fasadeelement. Formålet med reguleringa er å leggje til rette for å kunne utvide næringsarealet for bedrifta, betre logistikk av varetransport og å etablere tryggare tilkomst frå riksvegen til næringsområdet. Forslagsstillar ønskjer også å posisjonere seg til å kunne ta imot massar frå Kystverket sitt anleggsarbeid knytt til Stadskipstunellen.

Planframlegget

Planframlegget legg opp til høg utnytting, med BYA 80% innafor areal regulert til næring (NÆ), og BYA 100% innafor areal regulert til lager (LA). Planframlegget legg til rette for at det kan byggjast nye større bygg innanfor planområdet. Føresegnene punkt 3.1.1 set krav til utforming av bygg og farge- og materialval. I følgje forslagsstillar vurderar dei arealbehovet som reelt i eit 10-15 års perspektiv

Planframlegget legg opp til ny avkøyrsløse i aust, med ny tilkomstveg til området (KV2). Det er knytt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av ny avkøyrsløse og tilkomstveg. Restar av bygningar/bygningar aust i planområdet ved Allmenningsklubben blir regulert vekk. Formålsgrænse mot sjø for NÆ er lagt til kote 0, og det er lagt inn byggegrænse i sjø som viser maks grænse for fyllingsfot. For å imøtekome merknadar i høyringsperioden er det lagt inn eit tillegg i føresegnene punkt 3.1.2 andre kulepunkt der det vert kravd kaiavslutning. Dette vil redusere fyllingsfoten noko, og sikre at næringsarealet kan nyttast til sjøretta næring.

Forhold til overordna planar

Gjeldande overordna plan for området er eldre kommuneplan for Vågsøy av 27.11.2002. Del av aktuelt planområde (landareal) er her vist som industri, men der området er unntatt for rettsverknad. I austre del av planområdet er det vist eit areal på land og i sjø avsett til akvakultur. Planforslaget er ikkje i tråd med arealdelen i kommuneplanen, då forslaget legg opp til omfattande utfylling i sjø.

Kommuneplanens arealdel er under rullering, men er ikkje komen til offentleg høyring

enno. Arealbruken i reguleringsforslaget er spelt inn som forslag til endring i ny overordna plan. Planforslaget medfører ikkje omdisponering av dyrka areal.

Gjeldande reguleringsplan

Austre del av planområdet ligg innanfor eldre reguleringsplan for Almenning av 22.02.1985, PlanID 1439 198502, der denne delen er regulert til industri. Ny plan vil innebære endring/oppheving av del av gjeldande reguleringsplan.

Førstegongsbehandling

Planforslaget blei førstegongsbehandla av Plan-, miljø og næringsutvalet i møte 12.05.2022, saknr. 039/22. Utvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 24.06.2022 til 26.08.2022, med utvida merknadsfrist til 12.09.2022.

I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det er kome 8 innspel frå offentleg instansar. Merknadane er innarbeidd i planframlegg til endeleg godkjenning. Hovudtrekka i merknadene og administrasjonen si vurdering er refererte i eit eige vedlegg.

Motsegner

Det er ikkje varsla motsegner til planen frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheiter der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

VURDERING

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.

Endringar etter førstegongsbehandling

Det er gjort endringar på plankartet og i føresegnene for å imøtekomme merknadar i høyringsperioden. Kva endringar som er gjort går fram av vedlegget med oppsummering av merknadane. Endringane er innarbeidd i planomtalen i kap. 10, og det er lagt inn oppdatert plankart i kap.11. Endringar i føresegnene er vist med raud skrift.

SAMLA VURDERING

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og ivaretek nødvendige omsyn. Det er gjort endringar i planframlegget i for å imøtekomme merknadar frå offentlege instansar i høyringsperioden. Interessesettnaden mellom omsynet til utvikling av eksisterande næringsverksemd og påverknad på naturmangfaldet i området er redusert gjennom justeringane i planframlegget.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor og endringane som kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane, tilrår kommunedirektøren at planforslaget Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl., næring, planID 20210113 vert godkjent.

Økonomiske konsekvensar:

Planframlegget har ikkje økonomiske konsekvensar for kommune.

Miljømessige konsekvensar:

Dei miljømessige konsekvensane går fram av planomtalen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler mm:

Plan- og bygningslova med tilhørende forskrifter.

Vedlegg i saken:

Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr 352_7 m.fl næring - plankart_2022.10.12

Føresegner_til_vedtak

Innkomne merknadar høyring


PDR for Allmenningen gbnr 352_7 m.fl næring - planomtale_2022.06.16

ROS-analyse_Privat detaljregulering for Allmenningen_gbnr 352-7 mfl_
næring_20220208

J01_Kartlegging av tareskog_skjellsandforekomster

Miljøgeologisk vurdering av sjøbunn ved Allmenningen Kinn kommune

SunnfjordGeoCenter_Datarapport for planlagt fylling ved gbnr. 352-7_Almenningen i
Kinn kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
091/22	Formannskapet	29.11.2022
169/22	Kommunestyret	15.12.2022

Retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vedlagt retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune og forslag til søknad om fritak frå eigedomsskatt vert godkjent.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 091/22 Vedtak:

Vedlagt retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune og forslag til søknad om fritak frå eigedomsskatt vert godkjent.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Innstilling formannskapet - 29.11.2022, foreslått av ,
Vedlagt retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune og forslag til søknad om fritak frå eigedomsskatt vert godkjent.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 169/22 Vedtak:

Vedlagt retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune og forslag til søknad om fritak frå eigedomsskatt vert godkjent.

Bakgrunn for saka:

Bakgrunnen for å lage ei generell retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt er vedtaket på sak 077/22 på kommunestyret den 20.05.2022:
«Kommunedirektøren må komme attende med ei sak kor ein tek ei prisippiell vurdering av fritak for eigedomsskatt».

Difor vert det laga ei retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt som kan bli lagt til grunn ved handsaming av søknad om fritak frå eigedomsskatt.

Saksopplysningar:

Ved generell eigedomsskatt er alle eigedommar i utgangspunktet skattepliktige. Eigedomsskattelova gir likevel fritak til enkelte eigedommar, og opnar for at kommunestyret kan vedta fleire fritak.

Fritak for eigedomsskatt er regulert i eigedomsskattelovas §5 og §7.

Eiendomsskatteloven §5 fritak mellom anna enkelte statlege eigedommar, jernbanelinjer, kyrkjer, kommunen sine egne eigedommar og jord- og skogbruk. Denne føresegna er ikkje underlagd politisk behandling. Eigedommar som skal fritakast etter §5 vil automatisk bli fritakne og det er ikkje nødvendig å melda frå/søkje om.

Kommunestyret kan frita ytterlegare med heimel i [§ 7](#) i Eiendomsskatteloven.

Kommunestyret kan gi fritak for eigedommar som openbert fell innanfor kriteria. Eigar må då søke om fritak før 1. juni for at vedtaket kan gjerast gjeldande frå etterfølgjande skatteår. Dei må då framlegge dokumentasjon på kvifor dei meiner å tilfredsstilla krava for fritak. Det vert også lagt ved forslag til søknad.

Med bakgrunn i ønske om å sikre likebehandling av søknader om fritak etter § 7, er det utarbeidd retningslinjer for behandlinga til kommunestyret:

§ 7 a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.

Eigdommen må eigast direkte av "ikkje-kommersiell stiftingar eller institusjonar"- det er ikkje tilstrekkeleg med disposisjonsrett. Eigdommen må vere eigd av "stiftingar eller institusjonar".

Ein søknad om fritak for eigedomsskatt etter Eiendomsskatteloven § 7 a) må setjast fram skriftleg. Søknaden må innehalde dokumentasjon på nødvendige data og opplysningar som er relevant for dei vurderingane som skal gjerast. Til grunn for vurdering av søknaden vil vere at følgjande kriterium i vesentleg grad er oppfylt:

1. Organisasjonen/stiftinga blir basert på «non-profit».
2. Blir kalla som frivillig organisasjon.
3. Alle kan bli medlem.
4. Kommunen blir gagna gjennom at arbeidet som blir utført kjem i tillegg til eller erstattar ei oppgåve som kommunen elles måtte eller burde utført.
5. Tenestene til organisasjonen dekkjer eit behov hos mange av innbyggjarane til kommunen gjennom eit alminneleg formål.
6. Organisasjonen er eit idrettslag, ein religiøs, humanitær eller liknande organisasjon og eigedommar blir brukt til organisasjonens primæroppgåver.
7. Organisasjonen mottar ingen støtte.
8. Har ingen formål å gå med overskot.

Viktig dokumentasjon som må følgja søknaden er:

- Firmaattest eller utskrift frå einingsregisteret
- Siste årsrekneskapar med notar og årsmelding
- Institusjonens (organisasjonens) vedtekter
- Protokollen frå siste generalforsamling

Disse eigedommane får ikkje fritak:

- Skular som ikkje eigd av kommune.

§ 7 b) Bygning som har historisk verdi.

Ein søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelovas § 7 b) må setjast fram skriftleg. Søknaden må innehalde nødvendige data og opplysningar som er relevant for dei vurderingane som skal gjerast. Til grunn for vurdering av søknaden må det kunne dokumenterast at bygningen har særskilt historisk verdi, har særskild verdi for allmenheten og at det kjem ein del kostnader til vedlikehald som gjer det urimeleg å betale eigedomsskatt.

§ 7 c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Om nybygg skal ha fritak og evt. antall år med fritak vert overstyrt med vedtak for budsjett og økonomiplan kvart år. I de siste årane vart det vedtatt 3 år fritak for nybygg i 3 år. Fritaket gjeld året etter bruksløyvet (mellombels bruksløyve eller ferdigattest) er gitt. Dette gjeld berre bustadeigedommar. Nybygg får automatisk fritak og derfor skal det ikkje søkast om fritak.

§ 7 d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.

Fritak: Ikkje aktuelt på noverande tidspunkt.

§ 7 e) Fritidsbustader

Fritak: Ikkje aktuelt på noverande tidspunkt.

Fritaksvedtak gjeld berre for eit år av gongen, men for å gjere det litt enklare vert det nemnt i retningslinje at eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad, dersom ikkje kommunen ber om det.

Eigedomsskattekontoret lager «fritakliste» over tidlegare fritatt eigedommar og kommunestyret vedtar om lista vert fasthald til etterfølgjande skatteår eller om de ønskjer ny søknad om fritak frå eiger på visse eigedom. Kommunestyret vedtar dette kvart år samen med evt. nye søknader om fritak.

Vurderingar:

Retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune og forslag til søknad om fritak frå eigedomsskatt vert godkjent.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova §§ 5 og 7

Vedlegg i saken:

Retningslinje for fritak

Søknad om fritak frå eigedomsskatt



Saksnr.	Utval	Møtedato
092/22	Formannskapet	29.11.2022
170/22	Kommunestyret	15.12.2022

Eigedomsskatt fritakliste 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fritakliste 2023 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2023 vert godkjent.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Fritakliste 2023 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2023 vert godkjent.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 092/22 Vedtak:

Fritakliste 2023 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2023 vert godkjent.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 170/22 Vedtak:

Fritakliste 2023 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2023 vert godkjent.

Bakgrunn for saka:

Retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune:
Kommunestyret må vedta om fritakliste over tidlegare fritatt eigedommar vert fasthald til etterfølgjande skatteår eller om de ønskjer ny søknad om fritak frå eiger på visse eigedom.

Saksopplysningar:

Fritakliste 2023 er vedlagt. Det er 46 eigendom som kan få automatisk fritak i 2023 etter

Eigedomsskattelova § 7 a.

Gbnr 301/21 er fjerna frå liste over eigedommane som fekk fritak i 2022. Dette er fordi det er tinglyst fire private eiger og difor ønskjer eigedomsskattekontoret å få meir informasjon om eigedomen. Eiger av gbnr 301/21 må komme med ny søknad om fritak.

Vurderingar:


Fritakliste 2023 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomskatt for 2023 vert godkjent.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova § 7.

Vedlegg i saken:

Fritakliste 2023



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
093/22	Formannskapet	29.11.2022
171/22	Kommunestyret	15.12.2022

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 04.03.2022, blir ikkje imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 28/968, Florø Idrettssenter
- Gbnr. 28/480, Flora vidaregåande skule
- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule
- Gbnr. 309/157, Fagskulen Vestland

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige.

Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen.

Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eigedomsskattelova § 7a.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 04.03.2022, blir ikkje imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 28/968, Florø Idrettssenter
- Gbnr. 28/480, Flora vidaregåande skule
- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule
- Gbnr. 309/157, Fagskulen Vestland

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige.

Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen.

Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eigedomsskattelova § 7a.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 093/22 Vedtak:

Søknad om fritak for eideomsskatt, etter eideomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 04.03.2022, blir ikkje imøtekommen. Dette gjeld:

- Gbnr. 28/968, Florø Idrettssenter
- Gbnr. 28/480, Flora vidaregåande skule
- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule
- Gbnr. 309/157, Fagskulen Vestland

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eideomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eideomsskatt på næringseideomar, vil fylkeskommunen sine eideomar dermed vere skattepliktige.

Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eideomsskatt på lik linje med andre eideomseigarar i kommunen.

Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eideomsskattelova § 7a.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 171/22 Vedtak:

Søknad om fritak for eideomsskatt, etter eideomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 04.03.2022, blir ikkje imøtekommen. Dette gjeld:

- Gbnr. 28/968, Florø Idrettssenter
- Gbnr. 28/480, Flora vidaregåande skule
- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule
- Gbnr. 309/157, Fagskulen Vestland

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eideomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eideomsskatt på næringseideomar, vil fylkeskommunen sine eideomar dermed vere skattepliktige.

Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eideomsskatt på lik linje med andre eideomseigarar i kommunen.

Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eideomsskattelova § 7a.

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har søkt fritak frå eideomsskatt for 2022 for eideomane for gbnr. 28/968, 28/480, 309/102 og 309/157 Kinn kommune.

Søknadane er daterte den 04.03.2022.

Saksopplysningar:

Søknad om fritak for eideomsskatt etter § 7 skal kvart år behandlast av kommunestyret.

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige. Fylkeskommunale skular kan eventuelt fritakast av kommunestyret etter eigedomsskattelova § 7a, eigedomar åt institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Vurderingar:

Eigedomane

- Gbnr. 28/968, Florø Idrettssenter
- Gbnr. 28/480, Flora vidaregåande skule
- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule
- Gbnr. 309/157, Fagskulen Vestland

er eigd av Vestland Fylkeskommune.

Vi har ikkje oversikt på om Vestland fylkeskommune har søkt om fritak i heile Vestland fylke, men eigedomsskattekontoret har vore i kontakt med Sunnfjord kommune som har vore i kontakt med nokre av nabokommunane for å høyre om dei har fått tilsvarende søknad og fritak, og korleis dei vil vurdere søknadane.

Disse opplysningane vart gitt av Sunnfjord kommune:

- Stryn kommune har tilrådd delvis fritak, tilsvarende som for statlege institusjonar (§ 5a), dvs. fritak for undervisningslokale.
- Sogndal har fått søknad som gjeld delar av bygg nytta til vidaregåande skule og ein del som dei kallar «Vite Meir». Søknad om fritak gjeld den delen av eigedomen som vert disponert av «Vite Meir», og ikkje den delen som gjeld undervisningslokale nytta til vidaregåande skule. Ifølge eigedomsskattekontoret i Sogndal ville ein eventuell søknad om fritak for vidaregåande skule, få ei negativ tilråding, tilsvarende behandlinga om fritak i 2017.
- Kommunane Gloppen og Høyanger har alle motteke søknadar om fritak, og ei tilråding om fritak vil vere negativ, tilsvarende som i 2017.
- Sunnfjord kommune har motteke søknadar om fritak, og ei tilråding om fritak vil vere negativ, tilsvarende som i 2016 i tidlegare Førde kommune.

Fylkeskommunen er ein stor eigedomseigar i Kinn kommune. Det er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen. Difor vil eigedomsskattekontoret vil tilrå å seie nei til fritak for eigedomane gbnr. 28/968, 28/480, 309/102 og 309/157.

Økonomiske konsekvensar:

Eigedomsskatten i 2022 for disse eigedommane er:

- Gbnr. 28/968: kr 368 440
- Gbnr. 28/480: kr 494 060
- Gbnr. 309/102: kr 114 790
- Gbnr. 309/157: kr 192 220

Ved evt. fritak av disse eigedomane vil eigedomsskatten reduserast med kr. 1 169 510 (med primillesats 5) i året.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova § 7.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak fra eigedomsskatt 2022

Samandrag andre kommunar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
094/22	Formannskapet	29.11.2022
172/22	Kommunestyret	15.12.2022

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Trollskogen barnehage, gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 får ikkje fritak for eigedomsskatt frå og med 2021.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Trollskogen barnehage, gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 får ikkje fritak for eigedomsskatt frå og med 2021.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 094/22 Vedtak:

Trollskogen barnehage, gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 får ikkje fritak for eigedomsskatt frå og med 2021.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Trollskogen barnehage, gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 får fritak for eigedomsskatt frå og med 2021

Røysting:

Innstilling frå formannskapet falt med 15 røyster (11 AP, 1 KRF, 3 V).
Alternativt framlegg til vedtak frå FRP vedtatt med 24 røyster (3 SP, 4 raudt, 1 V v/ Nødseth, 6 H, 2 FRP, 2 MDG, 2 SV og 4 uavhengige v/ Egeberg, Hopland, Aare og Solheim).

KOST- 172/22 Vedtak:

Trollskogen barnehage, gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 får fritak for eigedomsskatt frå og med 2021.

Bakgrunn for saka:

Det ligg føre søknad frå Trollskogen barnehage, gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 om fritak for eigedomsskatt frå og med 2021.

Saksopplysningar:

Det kan ikkje gjevast fritak for eigedomsskatt. Dei private barnehagane får kommunalt tilskot til drift etter eiga forskrift basert på 2 år gamle rekneskap for kommunale barnehagar. Kapitalkostnad skal dekkast av dette tilskotet.

I tillegg viser næringsloggen i Firdaposten at dei går med betydelege overskot, og rekneskapstal viser disse sum som overskot for åra:

2019: kr 742 000

2020: kr 1 299 000

2021: kr 1 581 000

Vurderingar:

Trollskogen barnehage får kommunale tilskot og går med betydeleg overskot. Difor vert det ikkje gitt fritak for eigedomsskatt.

Økonomiske konsekvensar:


Skattetaksten på eigedomen gnr. 314 bnr. 109 snr. 2 er kr. 3 751 000. Eigedomsskatten for 2021 er kr. 15 175.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om eigedomsskatt til kommunen (Eigedomsskattelover).

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak fra eigedomsskatt 2022



Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/56364

Sakshandsamar: Jon Anders Stavang

Dato: 14.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/22	Plan-, miljø og næringsutvalet	22.11.2022
173/22	Kommunestyret	15.12.2022

Administrativ revisjon av gebyrforskrifta, plan, byggesak, oppmåling, matrikkel og eigarseksjonering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Revidert gebyrforskrift vert godkjent slik det går fram av saksframlegg og vedlegg. Forskrifta skal tre i kraft 01.01.2023.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 22.11.2022

Revidert gebyrforskrift vert godkjent slik det går fram av saksframlegg og vedlegg. Forskrifta skal tre i kraft 01.01.2023.

Plan-, miljø og næringsutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 088/22 Vedtak:

Revidert gebyrforskrift vert godkjent slik det går fram av saksframlegg og vedlegg. Forskrifta skal tre i kraft 01.01.2023.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå plan,- miljø og næringsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 173/22 Vedtak:

Revidert gebyrforskrift vert godkjent slik det går fram av saksframlegg og vedlegg. Forskrifta skal tre i kraft 01.01.2023.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune vedtok ei gebyrforskrift utarbeidd frå ein nasjonal standard for gebyr innanfor plan, byggesak, oppmåling, matrikkel og eigarseksjon hausten 2021, jf. sak 21/3270. Etter eitt års bruk av regulativet har kommunen funne behov for å rette opp språklege uklårheiter og feil i forskrifta.

Saksopplysningar:

Kinn kommune si nye gebyrforskrift innanfor plan, byggesak, oppmåling, matrikkel og eigarseksjon er grunnlaget for gebyrregulativet som finansiere dei oppgåvene som kommunane etter lovar og reglar er pålagde å utføre. I den vedtekne forskrifta frå 2021 har ein funne at det har ramla ut ein paragraf, § 1-7. *Gebyr som kjem i strid med sjølkostprinsippet*. I tillegg har noko tekst om maksimale gebyr som kommunen hadde med 2019-forskrifta falle ut. Det er no laga ei revidert forskrift der desse elementa i forskrifta er teke inn att. E-torg-gebyra er også tekne ut av sjølkostforskrifta då dei ikkje er ei sjølvkosteneste.

Denne saka legg ikkje opp til vedtak av satsar. Dette skjer i samband med årlege vedtak i høve godkjenning av kommunale budsjett.

Vurderingar:

Paragraf 1-7 Gebyr som kjem i strid med sjølkostprinsippet og maksimale satsar for ein del søknadstypar er begge viktige element å ta inn att i forskrifta slik at ho vert oppfatta som rettferdig og ikkje medfører utilsikta og urimeleg høge gebyr.

Desse rettingane, som kjem alle søkarar til gode, er av ein slik karakter at kommunen vurderer det som openbert unødvendig å ha revideringa av forskrifta på høyring.

§ 1-7 som no er teke inn att i forskrifta, seier at kommunen kan stipulere eit eige gebyr i saker som openbert medfører urimeleg høge gebyr basert på gjeldande satsar. Dette kan til dømes vere gebyr som er basert på ein fast sats som vert multiplisert med areal. Vert arealet svært stort er det ikkje alltid at meirarbeidet dette medfører er proporsjonalt, og ordlyden i den nye paragrafen gjer at kommunen kan fatte vedtak om eit gebyr som er i samsvar med arbeidsmengda som ligg bak gebyret.

Maksimale gebyrsatsar for fleire ulike kategoriar søknadar/byggtypar er no teke inn att i forskrifta, slik dei var i 2019. Kommunen har også presisert ordlyden i enkelte paragrafar som var vanskeleg å tyde for søkarane våre. Dette gjeld særleg kapittel 4, oppmålingsforretning.

Sal av digitale kartdata skjer via e-torget. Desse tenestene er meirverdiavgiftspliktige. Prisane er presentert på Norkart sine heimesider. Det er ikkje hensiktsmessig å ha desse med i sjølvkostregulativet og dei er difor tekne ut.

Det føl to vedlegg til denne saka. Det eine vedlegget er eksisterande forskrift. Det andre vedlegget er nytt forslag til forskrift. Endringar i høve eksisterande forskrift er merka med raudt.

Økonomiske konsekvensar:


Over tid vil ikkje revideringa gje økonomiske konsekvensar for kommunen då gebyra skal vere høge noko til å dekke kostnadane ved å handtere saker, men ikkje høgare. Å justere forskrifta vil medføre at einskilte søkarar ikkje vert urettvist handsama ved at dei får urettmessig høge gebyr.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan- og bygningslova. Matrikkelova. Eigarseksjonslova.

Vedlegg i saken:

Revidert gebyrregulativ Plan byggesak og oppmåling 2023
Opphøveleg gebyrregulativ Plan byggesak og oppmåling 2022



Saksnr.	Utval	Møtedato
057/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.11.2022
081/22	Formannskapet	29.11.2022
174/22	Kommunestyret	15.12.2022

Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Opplæringslova §8-1 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune frå 01.08.2023;

1. Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om Nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika.
2. Skram skule sitt opptaksområde femner om Sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Hales, Holvik, Vågsvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyande i sør.
3. Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene Osmundsvåg – Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).
4. Florø barneskule sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust.
5. Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.
6. Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.
7. Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femner det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.
8. Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
9. Stavang skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Florø barneskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
10. Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust, Ausevika i sør og Grov i vest.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 22.11.2022

Utvalet opprettheld SV sitt forslag i OK-utvalet 1.mars 2022.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

Med heimel i Opplæringslova §8-1 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune frå 01.08.2023;

1. Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om Nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika.
2. Skram skule sitt opptaksområde femner om Sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Hales, Holvik, Vågsvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyande i sør.

3. Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene Osmundsvåg – Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).
4. Florø barneskole sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust.
5. Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.
6. Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.
7. Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femner det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.
8. Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
9. Stavang skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Florø barneskole sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
10. Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust, Ausevika i sør og Grov i vest.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

SV sitt forslag, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Utvalet opprettheld SV sitt forslag i OK-utvalet 1.mars 2022.

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte og svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt mot tre stemmer, Ap-v/Leif Magne Gil og Doris Christensen, V-v/Edvard Iversen.

SV-v/Ingunn Frøyen sitt tilleggsforslag vart vedtatt mot tre røyster Ap-v/Leif Magne Gil og Doris Christensen, V-v/Edvard Iversen.

"Vedtak om endring av forskrift for opptaksområde kan ikkje gjerast før ein vedteken skulebruksplan for Kinn kommune ligg føre."

OPKUV- 057/22 Vedtak:

Utvalet opprettheld SV sitt forslag i OK-utvalet 1.mars 2022.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 6 røyster frå Djuvik, Refvik Volle, S. Standal, L. Standal, Teigen og Nødseth.

oppvekst- og kulturutvalet sitt framlegg til vedtak falt med 5 røyster frå Oldeide, Tveranger, Midtbø, Hagen og Kongsvik.

FORM- 081/22 Vedtak:

Med heimel i Opplæringslova §8-1 rår Oppvekst og kulturutvalet Kinn kommunestyre til å vedta slik forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune frå 01.08.2023;

1. Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om Nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika.
2. Skram skule sitt opptaksområde femner om Sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Halnes, Holvik, Vågsvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyande i sør.
3. Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene

- Osmundsvåg – Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).
4. Florø barneskole sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust.
 5. Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.
 6. Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.
 7. Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femner det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.
 8. Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
 9. Stavang skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Florø barneskole sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
 10. Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust, Ausevika i sør og Grov i vest.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Framlegg frå Frp, Høgre, Venstre, SP, Raudt, MDG, SV, Uavhengige, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Nytt punkt 9 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stavang skule vert videreført med same opptaksområde som no.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt med 12 røyster frå AP og KRF.
Kommunedirektøren sitt framlegg med fellesframlegg frå FRP, Høgre, Venstre, SP, Raudt, MDG, SV, og uavhengige vedtatt med 27 røyster (2 FRP, 6 H, 4 V, 3 SP, 4 R, 2 MDG, 2 SV og 4 uavhengige v/ Egeberg, Hopland, Aare og Solheim).

KOST- 174/22 Vedtak:

Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune frå 01.08.2023;

1. Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om Nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika.
2. Skram skule sitt opptaksområde femner om Sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Halmes, Holvik, Vågsvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyande i sør.
3. Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene Osmundsvåg – Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).
4. Florø barneskole sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust.
5. Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.
6. Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.
7. Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femner det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.
8. Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.
9. Stavang skule vert videreført med same opptaksområde som no.
10. Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust, Ausevika i sør og Grov i vest.

Bakgrunn for saka:

Forventa nedgang i elevtalet gjev kommunen lågare rammeoverføring til grunnskuleopplæring. For grunnskule må det iverksettast strukturiltak som sikrar

likeverdig opplæringstilbod for elevane. Kommunedirektøren legg difor fram igjen den forskriftssaka som vart lagt fram for Oppvekst- og kulturutvalet i mars 2022 med ei endring i tilrådinga som gjeld Stavang skule.

I tillegg vert arbeid starta for å sjå på strukturendringar i m.a. Florø sentrum og i Måløy-området som kan ha verknad frå 2024. Det vert sett på følgjande strukturtiltak:

- Vurdere endring av opptaksområda i Måløy-området for å redusere talet på barneskular.
- Vurdere flytting av ungdomstrinnet ved Eikefjord barne- og ungdomsskule til Florø ungdomsskule.
- Vurdere endring av opptaksområda til sentrumsskulane i Florø for å redusere frå 4 til 3 barneskular.

Konkrete tiltak vil bli utarbeidd og oppsummert i ei ny forskriftssak etter at endeleg økonomiplan 2023-2026 er vedteke.

Kommunedirektøren meiner saka som vart lagt fram for Oppvekst – og kulturutvalet 01.03.2022 er godt nok opplyst til at ein kan gjere vedtak utan vidare utgreiingar. I kommunestyret sitt vedtak var det ein føresetnad at kommunestyret sjølv skal avgjere saka. Saka er òg oppdatert med opplysningar som vart påpeikt gjennom høyringssvara.

Alle høyringsinstansane vil bli informert om at denne saka kjem til ny politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Tidlegare handsaming:

I Handlingsprogram og økonomiplan 2022-2025, budsjettvedtak, fatta Kinn kommunestyre slikt vedtak;

15. Det vert lagt opp til ein prosess som legg til rette for vedtak om forskrift for opptaksområde for skulane i Kinn kommune innan 1. mars 2022. Etter handsaming i Oppvekst og kulturutvalet vert forskrifta å legge på høyring før årsskiftet. Høyringstida vert sett til fire veker. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren legg opp til ein prosess med medverknad i høyringstida. Ei vurdering av nærskuleretten og bornet sitt beste skal vere del av saksutgreiinga.

I sak 166/21 fekk Kinn kommunestyre orientering om framdriftsplan for arbeidet med forskriftssaka. Framdrifta vart tilpassa vedtatt politisk møteplan for 2022, og vart gjennomført etter slikt oppsett:

- 16.12.2021 Sak «Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune» til handsaming i Oppvekst og kulturutvalet i Kinn kommune.
- 16.12.2021 «Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune» vert sendt på offentlig høyring.
- 16.12.2021 – 16.02.2022 Høyringsperiode
- 10.01.2022 – 28.01.2022 Planlagde møter med SU/FAU og «informasjonsmøte»
- 16.02.2022 Høyringsfrist
- 01.03.2022 Oppvekst og kulturutvalet handsamar saka etter at høyringsuttalar er komne inn.
- 15.03.2022 Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune.

Oppvekst og kulturutvalet handsama framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune i sak 70/21. Følgjande vedtak vart sendt på høyring:

«Med heimel i Opplæringslova § 8-1 vedtek Oppvekst og kulturutvalet i Kinn kommune slikt høyringsutkast som framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune, med verknad frå 01.08.2022;

1. *Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om Nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika.*
2. *Skram skule sitt opptaksområde femner om sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Halnes, Holvik, Vågsvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyande i sør.*
3. *Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene Osmundsvåg – Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).*
4. *Florø barneskule sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust.*
5. *Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.*
6. *Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.*
7. *Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femner det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.*
8. *Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.*
9. *Stavang skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde med verknad frå 01.08.2023.*
10. *Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust og sør og Grov i vest.»*

Framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune vart sendt på høyring med høyringsfrist 16. februar 2022 og lagt fram for Oppvekst – og kulturutvalet 01.03.2022.

Handsaming av saka 01.03.2022

SV sitt forslag til vedtak, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Vedtak om endring av forskrift for opptaksområde kan ikkje gjerast før ein vedteken skulebruksplan for Kinn kommune ligg føre.

Votering:

SV v/Ingunn Frøyen sitt tilleggsforslag til vedtak vedtatt mot tre stemmer, (Ap v/Doris Christensen og Terese Gjerde, V v/Edvard Iversen)

OPKUV- 012/22 Vedtak:

Vedtak om endring av forskrift for opptaksområde kan ikkje gjerast før ein vedteken skulebruksplan for Kinn kommune ligg føre.

Saka er vedlagt og inneheld vurdering av alle høyringsinnspela som kom inn. Sjå der for desse vurderingane.

Alle høyringsinnpela er i tillegg lagt ved denne saka.

Vurderingar:

I rundskriv Udir-2-2012 «Behandlingen av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser» skriv Utdanningsdirektoratet følgjande:

«Hverken opplæringsloven eller annet regelverk har innholdsmessige regler for endring av skolestruktur, det vil si regler for når det er lovlig eller ulovlig å legge ned eller opprette en skole. Avgjørelser knyttet til skolestruktur ligger i kjerneområdet av den kommunale handlefriheten. En avgjørelse må bygge på et kommunestyres økonomiske,

politiske og samfunnsmessige prioriteringer.

Kommunale vedtak om endring av skulestrukturen, for eksempel om nedleggelse av en skole, er ikke enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Det er ikke et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter for en eller flere bestemte personer. Plassering av den enkelte elev ved en skole vil derimot være et enkeltvedtak.»

Kinn kommune kan med andre ord handsame saker om skulestruktur ut frå ei heilskapleg vurdering av likeverdig opplæring, økonomiske prioriteringar og samfunnsmessige omsyn. Utgreiinga og saka som ligg føre vil ta i vare desse omsyna.

Den gamle grunnskulelova frå 1969 opererte med skulekrinsar som omgrep for det avgrensa geografiske området elevane sokna til. Krinsane vart vedteke av den enkelte kommune, og kommunen kunne og gjere vedtak om å sløyfe krinsgrensene heilt eller delvis.

I den nye utgåva av opplæringslova er krinsomgrepet tatt heilt vekk og erstatta med andre omgrep:

§8.1. seier:

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

Vi ser at det som vert kalla "nærleiksprinsippet" er gjeldande, saman med prinsippet om at kommunen kan gi forskrifter om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til. Dette må tolkast som at kommunen har vide fullmakter til å fastsetje skulestruktur, men likevel innanfor det handlingsrommet nærleiksprinsippet gjev.

"Bestemmelsen fastsetter at eleven til vanlig skal skrives inn ved den skolen som ligger nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som de sogner til. Først etter søknad kan elever tas inn ved andre skoler.

Bestemmelsen klargjør prinsippet om at en grunnskoleelev har rett til å gå på den nærmeste skolen eller nærmiljøskolen. Etter forarbeidene skal kommunenes arbeid med å fordele elevene mellom de tilgjengelige skolene ta utgangspunkt i et prinsipp om at eleven skal gå på den nærmeste skolen. Vurderingen av hvilken skole som ligger nærmest, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta hensyn til andre relevante forhold, for eksempel om søsken er plassert ved den samme skolen, kapasiteten på skolene og om skoleveien er farlig. Oppregningen av de relevante hensyn er ikke uttømmende. Vekten av de ulike hensynene må vurderes konkret."

Det denne kommentaren viser er at nærleiksprinsippet ikkje uttømmende kan tolkast geografisk, men må ta opp i seg andre relevante forhold:


- Hensikten med nærskuleprinsippet som blant anna gir barna anledning til å skape eller fasthalde haldepunkt i nærmiljøet.
- Søsken på den same skulen
- Kapasiteten på skulane. Vurderinga av nærleik må ta utgangspunkt i dei skulane som til ei kvar tid eksisterer i kommunen. Lovfesting av prinsippet gir ikkje i seg sjølv noko grunnlag for krav om bygging av nye eller utviding av eksisterande skular.
- Farleg skuleveg.
- Akseptabel reisetid.

Dersom Kinn kommune vel å løyse opp krinsgrensene for å gje forskrifter om nye opptaksområde, må slike forhold takast stilling til. Dette vil gå fram av saka.

Demografiske forhold


Fødselstalet har vert lågt dei siste åra og dette gir oss utfordringar knytt til lågare barnetal i oppvekstsektoren. Innvandring siste året har til ein viss grad kompensert for nedgangen. SSB sine prognosar (middelalternativet MMMM) for framskriving av folketal skisserer ein folketalsnedgang dei neste 30 åra. Prognosane legg til grunn vedvarande låge fødselstal. Berre få år tilbake i tid var fødselstala opp mot 190.

Prognosane for elevtalsutvikling i grunnskulen viser ein nedgang både for Måløy og Florø.



Figur 5. Kjelde SSB/Kompas hovudalternativet MMMM

Prognosane tilseier ein nedgang i elevtalet for grunnskulen i Måløy. Tala viser kor mange barn som er folkereisterregistrert i skulekretsane og ein prognose for utvikling framover.



Figur 6. Kjelde SSB/Kompas hovudalternativet MMMM

Prognosane tilseier ein nedgang i elevtalet for grunnskulen i Florø. Tala viser kor mange barn som er SSB-registrert i opptaksområda og ein prognose for utvikling framover. Dei tre opptaksområda Florø barneskule, Torvmyrane skule og Krokane skule er slått saman til Florø, med bakgrunn i at det er svært mange barn på desse skulane som har folkeregisteradresse utanfor opptaksområdet dei går på skule i. Dette for å vise den samla utviklinga framover. Ein kunne ha splitta i tre opptaksområde slik det er i dag men då ville tala ikkje vise kor mange som faktisk går på den einskilde skulen. For Eikefjord og Brandsøy opptaksområde er barna i hovudsak busett i den skulekretsen dei faktisk går på skule i.

Steinhovden skule vil i perioden gå frå 12 til 6 elevar. Dette er ut frå kommunedirektøren sitt syn ikkje i samsvar med likeverdig og berekraftig skuledrift.

Kommunedirektøren gjer difor framlegg om å legge ned Steinhovden skule og innlemme skulen i Eikefjord skule sitt opptaksområde.

Elevtal Steinhovden		21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
1. klasse		0	2	0	0	2	1
2. klasse		1	0	2	0	0	2
3. klasse		1	1	0	2	0	0
4. klasse		5	1	1	0	2	0
5. klasse		4	5	1	1	0	2
6. klasse		4	3	5	1	1	0
7. klasse		3	4	3	5	1	1
Sum		18	16	12	9	6	6

Skoleår	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
Elevtal	18	16	12	8	5	5
Kostnad (mill)	3,419	3,273	2,993	2,709	2,547	2,53
Kostnad per elev	189 900	204 600	249 400	338 600	509 400	506 000
Årsverk pedagog	3	2,9	2,6	2,3	2,1	2,1
Snitt lærartimar per elev	123,1	133,8	161,6	214,8	308,4	306

Stavang skule vil i perioden gå frå 16 til 7 elevar. Dette er ut frå kommunedirektøren sitt syn ikkje i samsvar med likeverdig og berekraftig skuledrift.

Kommunedirektøren gjer difor framlegg om å legge ned Stavang skule og innlemme skulen i Eikefjord skule sitt opptaksområde.

Elevtal Stavang	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
1. klasse	0	3	3	0	1	0
2. klasse	0	0	3	3	0	1
3. klasse	3	0	0	3	3	0
4. klasse	3	3	0	0	3	3
5. klasse	4	3	3	0	0	3
6. klasse	1	4	3	3	0	0
7. klasse	0	1	4	3	3	0
Sum	11	14	16	12	10	7

Skoleår	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
----------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------

Elevtal	11	13	15	11	9	6
Kostnad (mill)	3,235	3,519	3,333	2,986	2,73	2,536
Kostnad per elev	310	251	199	246	283	421
	800	800	500	300	000	700
Årsverk pedagog	3	2,9	2,9	2,5	2,3	2
Snitt lærartimar per elev	204,5	163,9	143,1	169,7	190,3	253

Nærskuleprinsippet

§ 8-1.Skolen

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

I rundskriv Udir-2-2012 «Behandlingen av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser» skriv Utdanningsdirektoratet følgjande:

«Hverken opplæringsloven eller annet regelverk har innholdsmessige regler for endring av skolestruktur, det vil si regler for når det er lovlig eller ulovlig å legge ned eller opprette en skole. Avgjørelser knyttet til skolestruktur ligger i kjerneområdet av den kommunale handlingsfriheten. En avgjørelse må bygge på et kommunestyres økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringer.

Kommunale vedtak om endring av skolestrukturen, for eksempel om nedleggelse av en skole, er ikke enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Det er ikke et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter for en eller flere bestemte personer. Plassering av den enkelte elev ved en skole vil derimot være et enkeltvedtak.»

"Bestemmelsen fastsetter at eleven til vanlig skal skrives inn ved den skolen som ligger nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som de sogner til. Først etter søknad kan elever tas inn ved andre skoler.

Bestemmelsen klargjør prinsippet om at en grunnskoleelev har rett til å gå på den nærmeste skolen eller nærmiljøskolen. Etter forarbeidene skal kommunenes arbeid med å fordele elevene mellom de tilgjengelige skolene ta utgangspunkt i et prinsipp om at eleven skal gå på den nærmeste skolen. Vurderingen av hvilken skole som ligger nærmest, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta hensyn til andre relevante forhold, for eksempel om søsken er plassert ved den samme skolen, kapasiteten på skolene og om skoleveien er farlig. Oppregningen av de relevante hensyn er ikke uttømmende. Vekten av de ulike hensynene må vurderes konkret."

Kommunedirektøren ser betydninga av skulen si plass i bygda for rekruttering og busetjing. Dette kjem fram i mange av høyringane. Det er òg peika på skulen som samlingspunkt og arbeidsplass og vi ser at ei skulenedlegging vil ha negative verknader. Over tid er skular lagt ned i både gamle Vågsøy og Flora kommunar, då elevtalet og kostnadene på dei små skulane er kome i konflikt med likeverdigheitsomgrepet.

Ved nedlegging av Stavang skule kan elevane få skuletilbod ved Eikefjord barne –og ungdomsskule eller ved Florø barneskule. Det må vere konkrete vurderingar av reisetid og tilknytning til dei to skulane som avgjer kvar elevane ved Stavang skule vert overført.

Florø barneskule som nærskule for elevane ved Stavang skule

Elevane frå Stavang skule får ungdomsskuletilbodet sitt på Florø ungdomsskule. Florø ungdomsskule er såleis nærskulen til denne elevgruppa. Det er tradisjon for at elevane frå Stavang skule sitt opptaksområde nyttar skuletilbod i Florø.

Det har over mange år vore eit samarbeid mellom Stavang skule og Florø barneskule knytt til hosingordning for 7.klasseelevane ved Stavang skule. Dei har hatt ein

skuledag i veka på Florø barneskole for å knytte vennskap og relasjonar med elevar som dei skal byrje på Florø ungdomsskule saman med. Elevane på 7.trinn ved dei to skulane har også reist på leirskule saman.

Det kan difor argumenterast for at det vil vere naturleg for Stavangelevane å nytte Florø barneskole som nærskule også for elevane på 1-7.trinn. Dette vil gi elevane eit heilskapleg skuleløp.

Det vil og gi elevane, etter alder og modning mulighet for å nytte kulturskuletilbod og andre fritidsaktivitetar i tida mellom skuleslutt og skyss heim.

Akseptabel reisetid, herunder midtskyss og gratis tilsyn

Følgjande vurderingar er kvalitetssikra gjennom samtalar med samferdselsrepresentantar i Vestland fylkeskommune.

Stavang skule til Florø barneskole

Ungdomsskuleelevane frå Stavang går i dag på Florø ungdomsskule. Det betyr at det allereie er oppretta skyss for denne strekninga. Elevane vil få denne reisetida om dei vert overført til Florø barneskole.

- Standal: 60 min
- Stavang: 50 min
- Stavøy: 40 min

Sted	Standal	Stavang	Veiesund	Fl kai	FLB	Totaltid
Frå Standal	0725	0735	0755	0815	0825	60 min
Retur	FLB	Fl kai	Veiesund	Stavang	Standal	Totaltid
Frå Florø	1420	1430	1450	1510	1520	55 min

For elevane som bur på Stavøy er praksis at bussen stoppar der elevane bur. På Veiesund ventar elevane inne på bussen til båten er komen. Og omvendt på retur. Elevane får to skifter av transportmiddel. På Veiesundet og på Florø kai. Det går ikkje båtruter ut frå Florø dagleg før kl. 14.30. Det må difor påreknast tilsynsordning frå skuleslutt til båten går. Det er ei ordning som eksisterer i dag for andre elevar i same situasjon. Elevane treng tilsyn 7t 15min pr veke. Det gir ei 17% stilling, kostnad for det vil vere i storleik kr. 85000.-

Sted	mandag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
1. klasse	1235	1345	1235	1235	1345
2./3 klasse	1345	1345	1235	1235	1345
4. klasse	1345 (1445)	1345 (1445)	1235	1345	1345
5/7. klasse	1400 (1500)	1400 (1500)	1235	1305	1400

Fylkeskommunen har ansvar for å sette opp skyss. Kostnad for Kinn kommune er 20 kr pr elev kvar veg. For eit skuleår vert kostnaden kr. 7600.- pr. elev. Total skysskostnad for alle 16 elevane for skuleåret 2023-24 vert då kr. 121600.-

Stavang skule til Eikefjord skule

Det er oppretta skyss til Eikefjord frå Høydal i dag. Om elevane frå Stavang vert overført til Eikefjord må skyssen som startar i Høydalen starte på Stavøy i stedet. I tillegg vil ein

trengje ein tilførsel frå Standal. Elevane vil få denne reisetida om dei vert overført til Eikefjord skule.

- Standal: 40 min
- Stavang: 30 min
- Stavøy: 42 min

Sted	Start	Stavang	Eikefjord
Frå Standal	0755	0805	0835
Frå Stavøy	0753	0805	0835

Elevane som bur i Standal må skifte transportmiddel i Stavang. For elevane som bur på Stavøy er praksis at bussen stoppar der elevane bur.

Retur vil gå umiddelbart etter skuleslutt.

Fylkeskommunen har ansvar for å sette opp skyss. Kostnad for Kinn kommune er 20 kr pr elev kvar veg. For eit skuleår vert kostnaden kr. 7600.- for kvar einskild elev. Total skysskostnad for alle 16 elevane for skuleåret 2023-24 vert då kr. 121600.-

Steinhovden skule til Eikefjord skule

Ungdomsskuleelevane frå Høydal går i dag på Eikefjord skule. Det betyr at det allereie er oppretta skyss for denne strekninga. Elevane vil få denne reisetida om dei vert overført til Eikefjord skule.

- Høydal: 32 min
- Steinhovden: 22 min
- Sandvika: 37 min

Sted	Start	Steinhovden	Lendingkryss	Eikefjord	Totaltid
Frå Høydal	0805		kobling	0837	32 min
Frå Sandvika	0800	0815	kobling	0837	37 min

Retur vil gå umiddelbart etter skuletid.

Ved ei nedlegging av Steinhovden skule vil ein måtte sjå på skyssen i området på nytt. I dag går det to ruter som må samordnast. Ved ei nedlegging av Steinhovden vil ein kunne få korta ned reisetida for elevane noko i det her området.

Fylkeskommunen har ansvar for å sette opp skyss. Kostnad for Kinn kommune er 20 kr pr elev kvar veg. For eit skuleår vert kostnaden kr. 7600.- pr elev. Total skysskostnad for alle 12 elevane som treng skysskuleåret 2023-24 vert då kr. 91200.-

Barnets beste vurdering:

Opplæringslova § 7-1

«Reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt.»

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skoleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skoleskyssen. Skyss skal etterstreve å organisere ei samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg innanfor følgjande rettleiande rammer:

Klassetrinn	Reisetid
1-4.klassetrinn	45 minutt
5-7.klassetrinn	60 minutt
8-10.trinn	75 minutt

I vurdering av forsvarleg reisetid blir det i tillegg til samla reisetid lagt vekt på følgjande moment:

- Kvar eleven må vente (på skolen, ute, i venterom)
- Kor stor del av reisetida som er på transportmiddel
- Rasjonell og samfunnsøkonomisk organisering av skyssen

Reisetidene nemnt ovanfor er rettleiande. Elevar med lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. F.eks. ved samanslåing av skolar som fører til lengre reiseavstandar, når eleven ikkje går på sin nærscole eller ved «delt bustad» der ein av dei føresette flyttar ut av krinsen til nærscole. Ved delt bustad er det viktig å merke seg at vurderingane knytt til forsvarleg reisetid, vil kunne avgrense rett til skyss frå begge bustadane.

Elevane har rett til tilsyn (les SFO) når det vert ventetid før undervisning tek til og etter at undervisning er slutt. Dette vil gjelde alle elevar som nyttar båtskyss ved Florø barneskole.

Overføring av elevar frå Stavang skule til Florø barneskole

I høve reisetid vil 75 prosent av Stavangelevane på 1-4.trinn få ei reisetid mellom 40-50 minutt. Det vil for ein elev vere ei reisetid på om lag 60 minutt.

Det vil vere to transportbyter for elevane. Dette vil kunne opplevast som krevjande for dei elevane som skuleåret 2023-24 vil vere 1. og 2.klassingar og uvande med lang reisetid og transportbyter. Reisetida vert lang, men ligg innafor det som er forsvarleg. Elevane vil kunne nytte eksisterande skyss og ta følge med vaksne og eldre søsken som nyttar same skyss til Florø.

Elevane på 5-7.årstrinn ligg innafor reisetida på 60 minutt.

Om ein vurderer reisetid isolert vil det medføre kortare reisetid og færre transportbyter for elevane ved overføring til Eikefjord barne- og ungdomsskule, enn til Florø barneskole.

Konklusjon- tilråding

Samla reisetid for elevane frå Stavang skule vil bli noko lenger ved overføring til Florø barneskole. Det er over år utvikla samarbeid og band mellom Stavang skule og Florø barneskole. Ein overføring til Florø barneskole vil medføre at elevane frå Stavang vil kunne ta del fritidstilbod som eksisterer i dag. Kinn kulturskule har opningstid frå kl. 12.00 og vil kunne gje elevane tilbod som er tilpassa skyss. I tillegg vil elevane kunne nytte seg av andre tilbod som bibliotek og tilbod frå frivillig sektor som ulike lag og organisasjonar innan kultur og idrett tilbyr. Elevane vil og få eit heilskapleg skuleløp ved å velge denne ordninga.

Økonomiske konsekvensar:


Konsekvensane av denne saka er kr 3 922 mill for 2023 og kr 9 412 for 2024.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale - Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune - SU
v/Torvmyrane skule
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Vedlegg B
Høyringsuttale Sandvik, Nyttingnes, Steinhovden og Barlindbotn Grendelag: Forskrift om
opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale frå tilsette på Steinhovden skule framlegg til forskrift om
opptaksområde.docx
Høringssvar - Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn, sak 70/21
Følgjeskriv
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høringssvar frå Stavøy grendelag sak 70/21.pdf
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Dei er berre 13.pdf
Høyringsuttale Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsnotat skulekrins Raudeberg.pdf
Høyringsuttale Høyting - Framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn
høyringsvar FAU Stavang sak 70-21.pdf
Høyringsuttale Høyting - Framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn
Kommunal forskrift for opptaksområde 2022
Høyringsuttale Høyting - Framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn
Høyringsuttale opptaksområde for skulane i Kinn kommune
FAU - Høringssvar til 16.02.2022.docx
Høyringsuttale Framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Høyringsuttale Høyting - Framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn
kommune
Høyringsuttale - Framlegg til forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune
Krokane skule.docx
Raudeberg skule.docx
Stavang skule og barnehage.docx
Steinhovden skule..docx
Kommentar til framlegg frå klubben på Skavøypoll skule.docx
Florø barneskule.docx



Saksnr.	Utval	Møtedato
058/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.11.2022
175/22	Kommunestyret	15.12.2022

Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at Kinn kommunestyre vedtek slik

Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

§ 1 Virkeområde

Forskrifta gjev reglar om kommunal skulefritidsordning (SFO) i Kinn kommune for elevar på 1. – 4. årstrinn, og for elevar med særskilt behov på 5. – 7. årstrinn, jf. opplæringslova § 13-7 med forskrifter.

Andre tilhøve som er regulert i opplæringslova med forskrifter som også gjeld skulefritidsordninga, er m.a.:

- Opplæringslova kap 9 A *Eleven sitt skulemiljø* (unntatt §§ 9 A-10 og 9 A-11)
- Opplæringslova § 10-9, første og fjerde ledd *Politiattest og forbod mot tilsetjing*
- Opplæringslova § 11-1, første ledd *Sambeidsutval ved grunnskolar*
- Opplæringslova § 14-1 *Statleg tilsyn* (m.a. plikt til å ha internkontroll jf kommunelova § 25-1)
- Opplæringslova § 15-1 *Bruk av forvaltningslova* (m.a. reglar om teieplikt jf forvaltningslova § 13-13e.
- Forskrift til opplæringslova kap 12 *Tryggleik for elevane*

§ 2 Formål og innhald

Kinn kommune skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar på 1. – 4. årstrinn og for elevar på 5. – 7. årstrinn med særskilt behov, jf opplæringslova § 13-7.

SFO skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for eit trygt omsorgs- og aktivitetstilbod før og etter skuletid, jf. opplæringslova § 9 A-1 om virkeområdet for kapittel 9 om elevane sitt skulemiljø.

SFO skal leggje til rette for lek, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet/friluftsliv og sosial læring tilpassa barna sin alder, funksjonsnivå og interesser. Barnekonvensjonen artikkel 12 om *Barnets beste*, gjeld også for skulefritidsordninga.

Innhaldet og organiseringa av SFO-tilbodet skal vere i samsvar med dei til eikvar tid gjeldande nasjonale lover/retningsliner, og elles planar som gjeld i Kinn kommune.

Kvar SFO-eining skal utarbeide ein årsplan som er i tråd med *Forskrift om rammeplan for*

skulefritidsordningen og planar og satsingar i Kinn kommune.

§ 3 Eigartilhøve

Kinn kommune eig og driv skulefritidsordninga ved dei kommunale grunnskulane.

§ 4 Ordinært SFO-tilbod

Det ordinære SFO-tilbodet er ope 190 dagar i året, og føl årleg gjeldane *Plan for skuledagar og fridagar for elevane* (skuleruta).

SFO har dagleg opningstid er innafor eit tidsrom frå kl 06.45 til kl 16.30. Opningstida er tilpassa lokale tilhøve i kommunen og varierer etter behov. Det er kommunedirektøren som fastset opningstidene.

Foreldre kan velgje slikt SFO-tilbod:

- A-tilbod: før og etter skuletid 5 dagar i veka
- B-tilbod: etter skuletid 5 dagar i veka
- C-tilbod: 11 dagar pr månad før og etter skuletid (dagar etter avtale)
SFO skal leggje til rette for lek, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet/friluftsliv og sosial læring tilpassa barna sin alder, funksjonsnivå og interesser. Barnekonvensjonen artikkel 12 om *Barnets beste*, gjeld også for skulefritidsordninga.

Innhaldet og organiseringa av SFO-tilbodet skal vere i samsvar med dei til eikvar tid gjeldande nasjonale lover/retningslinjer, og elles planar som gjeld i Kinn kommune.

Kvar SFO-eining skal utarbeide ein årsplan som er i tråd med *Forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga* og planar og satsingar i Kinn kommune.

§ 3 Eigartilhøve

Kinn kommune eig og driv skulefritidsordninga ved dei kommunale grunnskulane.

§ 4 Ordinært SFO-tilbod

Det ordinære SFO-tilbodet er ope 190 dagar i året, og følgjande årleg gjeldane *Plan for skuledagar og fridagar for elevane* (skuleruta).

SFO har dagleg opningstid er innafor eit tidsrom frå kl 06.45 til kl 16.30. Opningstida er tilpassa lokale tilhøve i kommunen og varierer etter behov. Det er kommunedirektøren som fastset opningstidene

Foreldre kan velgje slikt SFO-tilbod:

- A-tilbod: før og etter skuletid 5 dagar i veka
- B-tilbod: etter skuletid 5 dagar i veka
- C-tilbod: 11 dagar pr månad før og etter skuletid (dagar etter avtale)
- D-tilbod: Gratis kjernetid for elevar på 1. årstrinn (2,4 timar dagleg, etter

skuleslutt)

- H-tilbod: elevar på 5. – 7- årstrinn med særskilt behov

§ 5 Ferie-SFO

Ferie-SFO er tilbod dei dagane skulen og det ordinære SFO-tilbodet er stengt.

Ferietilbodet er behovsprøvd og samordna. Det må vere 12 påmelde elevar for at tilbodet vert iverksett. Det samordna ferietilbodet er lagt til ein av barneskulane i Florø sentrum, og ein av barneskulane i Måløy-området.

Foreldre kan søkje særskilt om slikt tilbod for ferie-SFO:

- 2 veker før skuleåret startar i august
- I skulen sin haustferie
- I skulen sin vinterferie
- 2 veker etter skuleslutt i juni.

Dagleg opningstid for ferie-SFO er innafor eit tidsrom frå kl 06.45 til kl 16.30. Opningstida er tilpassa lokale tilhøve i kommunen og varierer etter behov. Det er kommunedirektøren som fastset opningstidene.

Kjernetida i ferie-SFO gjeld dagleg i tidsrommet frå kl 08.30 til kl 10.55.

For ferie-SFO er det eigne søknadsfristar som årleg vert kunngjort på www.kinn.kommune.no.

Ferie-SFO har eigne betalingssatsar.

§ 6 Styring og leiing

Rektor ved den enkelte skule har det overordna administrative og faglege ansvaret for SFO.

Rektor fastset organisering og bemanning i tråd med gjeldande vedtekter.

Samarbeidsutvalet (SU), foreldrearbeidsutvalet (FAU) og skulemiljøutvalet skal også ta i vare SFO sine interesser.

Dei tilsette i SFO skal reknast som blant «andre tilsette» når det skal veljast representant til SU. Administrativ leiar for SFO har møte- og talerett i SU i saker som gjeld SFO.

§ 7 Opptak, opptaksmynde og opptakskriterium

Det er felles opptak til SFO-tilboda i Kinn kommune, med søknadsfrist 1. april kvart år. Tildelt plass vil gjelde frå nytt skuleår som startar i august.

Tildelt plass i SFO gjeld for eitt skuleår, eller til plassen vert sagt opp.

Elevar kan elles søkje om SFO-tilbod gjennom heile året.

Søknad om SFO skal utfyllast elektronisk. Lenke til skjema er å finne på www.kinn.kommune under *sjølvbetjening, søknadssenter*.

Rektor ved kvar skule har ansvar for opptak til SFO.

Alle elevar på 1.- 4. årstrinn og elevar på 5.-7. årstrinn med særskilt behov som søker, har primært rett til SFO-plass ved skulen der eleven har skuleplass.

Er det 6 eller færre elevar som søker SFO-tilbod ved ein skule, vert det vurert om elevane skal få SFO-tilbod ved nærliggjande skule. Kommunedirektøren tek avgjerd om dette.

Ved søknad om plass for elevar med særskilt behov på 5. – 7. årstrinn, må det leggjast ved dokumentasjon med rettleiande uttale frå t.d. foreldre, PPT, fastlege sjukehus eller barnevernteneste. Eleven sine føresette er ansvarleg for at dokumentasjon for særskilt behov følgjer søknaden om plass i SFO.

§ 8 Endringar og oppseiing

SFO-plassen er bindande for kvart halvår. Plassen for 2. halvår (vårhalvåret) kan seiast opp innan 15. november. Det kan søkast om unntak frå desse reglane.

§ 9 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset årleg satsane for foreldrebetaling for SFO.

Foreldrebetaling for ordinært SFO-tilbod gjeld for 10 månadar i året. Opphaldsbetaling for juni og august er tilpassa opningsdagar for kvar av månadane. Foreldre får tilsendt 11 faktura i løpet av eitt år, med betalingsfrist forskottsvis den 15. i kvar månad. Juli månad er betalingsfri.

Foreldrebetaling for ferie-SFO har eigne betalingssatsar, og vert fakturert i tillegg til ordinært SFO-tilbod.

Kinn kommune følgjer nasjonalt fastsette betalingsordningar (Forskrift til opplæringslova Kap 1B Skulefritidsordninga):

§1B-1 Redusert foreldrebetaling for hushaldningar med låg betalingsevne.

Føresette må søkje på eige skjema, og legge ved naudsynt dokumentasjon.

§1B-3 Gratis SFO for elevar med særskilt behov på 5. -7. årstrinn.

Føresette må søkje aktuelt SFO-tilbod.

§ 1B-4 12 timar gratis kjernetid pr veke for elevar på 1. årstrinn (gjeldande frå august 2022).

Gratis kjernetid vert rekna 2,4 timar frå dagleg skuleslutt. Berekna sum vert trekt frå på månadleg faktura om eleven har SFO-tilbod som dekkjer timar ut over kjernetida.

Foreldre har høve til å søkje på eige SFO-tilbod som gjeld gratis kjernetid.

12 timar gratis kjernetid i ferie-SFO vert fasett til å gjelde i tidsrommet frå kl 08.30 til kl 10.55 kvar dag. Berekna sum vert trekt frå på faktura for ferie-SFO.

Kostpengar kjem i tillegg til opphaldsbetaling.

Reglar om betalingsordningar og søknadsskjema om redusert foreldrebetaling er å finne på www.kinn.kommune.no

§ 10 Forseinka og misleghalden foreldrebetaling

Ved sein eller manglande foreldrebetaling gjeld lov om renter ved forseinka betaling av 17.12.76 nr. 100 og endringslov til forseinkingsrentelova, samt inkassolova av 13.05.88 nr 26, tvangsfullbyrdseslova av 26.02.92 og endringslov til tvangsfullbyrdseslova mv. av 23.01.15, og tilsvarende forskrifter.

Sein eller manglande foreldrebetaling vert handsama etter slike retningslinjer:

- Ved 2 månader uteståande foreldrebetaling får tenesteleiar kopi av fakturapurring.
 - Foreldre vert invitert til samtale om uteståande beløp, og får rettleiing om måtar det uteståande beløpet kan betalast på (nedbetalingsplan, muligheit til å søkje om redusert betaling og liknande).
 - Om inngått betalingsplan ikkje vert følgt opp og uteståande foreldrebetaling ikkje vert betalt, kan komunedirektøren seie opp SFO-plassen med 1månads oppseiingsfrist.

§ 11 Bemanning

Rektor er administrativ og fagleg leiar for SFO.

SFO skal ha ei bemanning som er tilstrekkeleg til at tenesta kan drivast på forsvarleg vis, minimum ein vaksen pr. 15 barn.

Bemanninga i SFO består av SFO-leiar, fagarbeidarar og assistentar. Dersom det er mange barn med særskilt behov, kan det vere trong for å styrke bemanninga eller ha særskild kompetanse i personalgruppa.

Er det meir enn 60 barn i SFO ved skulen, skal det som hovudregel fastsettast ressurs til dagleg leiing i 100% stilling. Fastsetting av ressurs til dagleg leiing vil gå fram av Særavtale SFS 2201 pkt 3.1.2.

Dersom det er få barn med SFO-tilbod, ligg dagleg leiing til rektor.

Personalet i SFO er underlagt forvaltningslova sine reglar om teieplikt; §§ 13-13f. Ved tilsetting må det leggjast fram politiattest jf. Opplæringslova § 10-9.

Personalet i SFO har opplysningsplikt til barnevernet og skal samarbeide om opplysningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta, jf opplæringslova §§ 15-3 og 15-4.

§ 12 Leike- og opphaldsareal

SFO disponerer ute- og inneareal ved kvar skule. Leike- og opphaldsareal ute og inne må vere eigna aldersgruppa og aktivitetane i SFO.

Det fysiske miljøet skal innfri gjeldande retningslinjer i *Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar*, og forskrift til opplæringslova § 12-1 *Tryggleik for elevane*.

§ 13 Skyss

Elevar i SFO har ordinært ikkje rett til skuleskyss. Opplæringslova § 7-3 gjev unntak for elevar med funksjonshemming, eller som har mellombels sjukdom eller skade. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO.

§ 14 Internkontroll

Skulefritidsordninga skal ha internkontrollsystem i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer:

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollforskriften av 01.01.1997)
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler mv
- Kommunen sitt internkontrollsystem jf. Kommuneleova § 25-1.

§ 15 Klage

Enkeltvedtak gjort på bakgrunn av desse vedtektene kan klagast på etter reglane i forvaltningslova. Klage skal rettast skriftleg til rektor på den enkelte skule. Kinn kommune si klagenemd er endeleg klageinstans.

§ 16 Iverksetting og kunngjering

Forskrift om vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune gjeld frå 01.01.2023. Frå same tidspunkt opphøyrer Vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune, vedtatt av hovudutval for oppvekst og kultur 09.03.2021. Forskrifta skal publiserast i Lovdata.

Økonomiske konsekvensar:

Fastsetting av Forskrift om Vedtekter for kommunal skulefritidsordningar i Kinn kommune har i første omgang ikkje økonomiske konsekvensar.

Innføring av gratis kjernetid 12 t/v for 1. årstrinn er kompensert i Statsbudsjettet

gjennom overføring i rammetilskotet til kommunen. Om bortfall av inntekt er kompensert fullt ut har vi førebels ikkje oversikt over, og er noko vi må komme attende til.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

- Opplæringslova § 13-7 med forskrifter
- Forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga
- Opplæringslova kap 9 A Eleven sitt skulemiljø (unntatt §§ 9 A-10 og 9 A-11)
- Opplæringslova § 10-9, første og fjerde ledd Politiattest og forbod mot tilsetjing
- Opplæringslova § 11-1, første ledd, Samarbeidsutvalg ved grunnskoler
- Opplæringslova § 14-1 Statleg tilsyn (m.a plikt til å ha internkontroll jf kommunelova § 25-1)
- Opplæringslova § 15-1 Bruk av forvaltningslova (m.a. reglar om teieplikt jf. Forvaltningslova § 13-13e)
- Forskrift til opplæringslova kap 12 Tryggleik for elevane
- Regelverk for skulefritidsordning
- <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skulefritidsordningen-SFO/?depth=0&print=1#Finansiering-av-skulefritidsordningen>
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler mv
- Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune
<https://kinn.kommune.no/f/p1/ibf66bfc6-bce2-4ae5-b8f9-e4f5a18634f8/vedtekter-for-skulefritidsordninga-i-kinn-kommune-versjon-20201222-l175484.pdf>

Vedlegg i saken:

Høyringsuttale Forskrift om vedtekter for kommunal SFO i Kinn kommune

Høyringsuttale

Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune - høyringsutkast

Forskrift til vedtekter for skulefritidsordninga i Kinn kommune - utkast

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Følgeskriv

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune


Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Høyringsuttale SFO vedtekter (1).pdf

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Kinn kommune

Høyringsuttale SFO forskrift frå SU Skavøypoll skule.pdf

Høyringsuttale Framlegg til forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning (SFO) i Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
052/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.11.2022
062/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	22.11.2022
176/22	Kommunestyret	15.12.2022
025/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.11.2022

Handlingsplan for frivillighet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune vedtek handlingsplan for frivillighet som den er lagt fram.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 22.11.2022

Kinn kommune vedtek handlingsplan for frivillighet som den er lagt fram.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2022:

Handsaming:

Frivillige lag og organisasjonar, foreslått av Bente Nilsen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Frivillige lag og organisasjonar er på tilbodssida til Kinn kommune. Rådet meiner det er viktig at kommunen legger tilrette for arbeidet som blir gjort i dei frivillige organisasjonane, som god støttespelar. Kommunen må nytte seg av fagkompetansen til frivillige organisasjonar. Vidare ønskjer rådet at det blir lagt tilrette for tilgang til lokaler for frivilligheten og møteplassar.

Røysting:

Framlegg frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne samrøystes vedtatt.

RMNF- 025/22 Vedtak:

Frivillige lag og organisasjonar er på tilbodssida til Kinn kommune. Rådet meiner det er viktig at kommunen legger tilrette for arbeidet som blir gjort i dei frivillige organisasjonane, som god støttespelar. Kommunen må nytte seg av fagkompetansen til frivillige organisasjonar. Vidare ønskjer rådet at det blir lagt tilrette for tilgang til lokaler for frivilligheten og møteplassar.

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

Vedtak frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, foreslått av ,
Frivillige lag og organisasjonar er på tilbodssida til Kinn kommune. Rådet meiner det er viktig at kommunen legger tilrette for arbeidet som blir gjort i dei frivillige organisasjonane, som god støttespelar. Kommunen må nytte seg av fagkompetansen til

frivillige organisasjonar. Vidare ønskjer rådet at det blir lagt tilrette for tilgang til lokaler for frivilligheten og møteplassar.

Kulturmedarbeidar Ylva Seljenes, frivilligkoordinatorar Siv Anett Kupa og Bente Nielsen orienterte og svarte på spørsmål i fellesorientering med Oppvekst- og kulturutvalet.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 062/22 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune vedtek handlingsplan for frivilligheit som den er lagt fram.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

Kulturmedarbeidar Ylva Seljenes, frivilligkoordinatorar Siv Anett Kupa og Bente Nielsen orienterte og svarte på spørsmål i fellesorientering med HSO.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 052/22 Vedtak:

Kinn kommune vedtek handlingsplan for frivilligheit som den er lagt fram.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 176/22 Vedtak:

Kinn kommune vedtek handlingsplan for frivilligheit som den er lagt fram.

Bakgrunn for saka:

Helse, sosial- og omsorgsutvalet har gjort vedtak 06. oktober 2021 om at det skal utarbeidast ein handlingsplan for frivilligheit i Kinn kommune, som skal leggest fram til politisk behandling innan slutten av 2022 (sak 039/21).

Oppvekst- og kulturutvalet vedtok 31. mai 2022 at det skal utarbeidast ein handlingsplan for frivilligheita slik som skissert i HSOUV.

Saksopplysningar:

Handlingsplanen er tilgjengeleg på nett via denne lenkja:

<https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-a29e928e-e36a-4058-8f45-90172c4382e5-25446/#/>

De finn og handlingsplanen i fulltekst eksportert frå Framsikt i vedlegg (Handlingsplan frå Framsikt) – innhald er identisk, oppsett noko avvikande.

Formannskapet vart orientert om arbeidet med handlingsplanen 10. mars 2022.

I vedtak i Helse, sosial- og omsorgsutvalet ønska utvalet eit samarbeid med Frivillighet

Norge, og frivilligheita i kommunen, i samband med arbeidet med handlingsplanen. For å få ei tilbakemelding frå frivilligheita i kommunen vart det 2. mai 2022 gjennomført folkemøte i kommunen – eit på kulturhuset i Florø og eit på rådhuset i Måløy. Møte fann stad same dag til same tid, og Frivillighet Norge deltok via nettet begge stader. Samarbeid med Frivillighet Norge skjedde etter tilrettelegging frå Vestland fylkeskommune.

På møtet deltok alle frammøtte på ein kafédialog – deltakarane fekk fem spørsmål som dei skulle svare på i grupper. I etterkant fekk Frivillighet Norge tilsendt alle svara frå innspelsmøtet og utarbeida ein oppsummerande rapport med anbefalingar basert på innspela som kom inn 2. mai. Til saman på begge møta deltok kring 50 deltakarar som representerte 40 ulike lag og foreiningar i kommunen.

I tillegg gjennomførte ein ALLEMED-dugnad i Florø og Måløy i 2019, og tilbakemeldingane frå desse to møta er og tatt med som del av informasjonsgrunnlaget for handlingsplanen. ALLEMED er ein arbeidsmodell utvikla for å gjere det lettare å få alle born og unge i fritidsaktivitetar. Tilsette dåverande Flora og Vågsøy deltok på kurs og nettverksmøte i Oslo i regi av KS for å lære å bruke metoden. I etterkant vart det gjennomført dugnadsmøtet i begge kommunane. Desse innspela har og vore brukt i arbeidet med Fritidserklæringa – som no er inkludert som eit oppdrag i handlingsplanen.

Handlingsplanen skal vere eit levande dokument, og skal gjelde for alle kommunale tenester som samarbeider med frivillige. Handlingsplan for frivillighet som føreligg gjeld for 2023-2025. Planen skal reviderast med 2 års intervall.

Det har vert eit mål med arbeidet å kunne ferdigstille handlingsplanen i 2022, som del av kommunen sin markering av Frivillighetens år 2022.

Vurderingar:

Målet med handlingsplanen er å legge til rette for samarbeid mellom kommune og frivilligheita på ein strukturert og langsiktig måte. Ein nøkkel for utvikling av frivilligheita er føreseielege rammevilkår; handlingsplanen tar sikte på å komme dette i møte gjennom tiltak knytt til rammevilkår. Med desse vilkåra på plass ønskjer kommunen å legge til rette for vekst og utvikling i frivilligheita.

Under den konkrete deloverskrifta 'handlingsplan' i handlingsplanen finn ein oppdraga og tiltak handlingsplanen legg opp til. Oppdraga kan delast i to hovudmål – dei helsefremjande oppdraga og dei som tilretteleggjar for at det i Kinn skal vere eit variert og rikt kultur-, idretts- og foreiningsliv for alle, og at innbyggjarane har gode kulturopplevingar og møteplassar.

Det overordna målet er å styrke frivilligheita i kommunen og å gje frivilligheita moglegheit til sjølvstendig arbeid og utvikling, og til betra dialog og samspel med Kinn kommune. Kommunen skal ikkje ta over frivillig arbeid, men vere med å tilrettelegge for eksisterande og framtidig frivillighet.

For at ein skal oppnå måla med handlingsplanen må ein arbeide med planen både internt i kommunen og eksternt ut til frivilligheita. I innleiinga til handlingsplanen stadfestast det at planen skal gjelde: «alle områda i kommunen som samarbeider med frivilligheita. Den blir gjort kjent i heile organisasjonen og den blir inkludert i planar, strategiar og budsjett og handlingsprogram». Når det gjeld oppfølging ut mot frivilligheita legg planen opp til fleire oppdrag – til dømes samfunnskoordinatorstilling og samarbeidsavtalar – som legg opp til jamleg kontakt mellom kommune og frivillighet.

Eit viktig aspekt ved handlingsplanen er eit godt og effektivt samarbeid mellom kommune og frivilligheita. Samarbeid, og medverknad, var eit viktig arbeidsgrunnlag for handlingsplanen og vil vere viktig i oppfølginga av planen framover. Handlingsplanen legg opp til møtepunkt mellom kommunen og frivilligheita, men og tverrfaglege

samarbeid internt i kommunen slik som LEV VEL samarbeidsmøte, og kartlegging av behov i lokalsamfunnet der frivillighet kan vere ein bidragsytar.

For at handlingsplanen skal vere eit levande dokument som reflekterer frivilligheita i kommunen og deira behov skal planen reviderast kvart andre år.

Økonomiske konsekvensar:

Fleire av tiltaka som vert lagt fram som ein del av Handlingsplan for frivillighet vil ha økonomiske konsekvensar, og i nokre tilfelle vil det vere naudsynt å ta opp tiltaka som eigne politiske saker for vedtak.

Etter ønskje frå frivilligheita er eit av oppdraga i handlingsplanen å vurdere gratis, eller rimelegare, utleige av lokale. Dette oppdraget vil krevje ei eiga utgreiing om korleis kommunen eventuelt skal få til ei slik ordning for frivillige organisasjonar og kva økonomiske konsekvensar dette kan få for t.d. leigeinntekter. På lengre sikt kan dette oppdraget sjåast saman med punktet om å vurdere å gjere lokale tilgjengeleg for frivillige i kommunale nybygg og rehabiliteringar.

Kinn kommune delar ut 300 000 kr i kulturmidlar til frivillige lag, organisasjonar og enkeltindivid etter vedtekne retningslinjer når dette ligger inne i det kommunale budsjettet. Retningslinjene for kulturmidlar prioriterer nyskaping, prosjekt og arrangement over ordinære driftstilskot. Det må gjerast ei utgreiing om alternativ for korleis kommunen eventuelt kan støtte / gi tilskot til drift, økonomiske konsekvensar for kommunen og kva fordelingsnøklar som kan brukast.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Planstrategi for Kinn 2020-2023 : <https://pub.framsikt.net/2020/nyekinn/mr-202001-plstrategi/#/generic/summary/672f00c7-fbd2-4e19-857c-3db384cb92c5-cn>

Vedlegg i saken:


SVAR Måløy Tema frivilligpolitisk plattform

SVAR Florø_Innspelsmøte 2. mai 2022

Oppsummering MÅLØY AlleMED organisasjonar og tenester 2019

Oppsummering ALLEMED 20. mai 2019 Flora PDF

Handlingsplan frå Framsikt



Saksnr.	Utval	Møtedato
044/22	Kinn eldreråd	21.11.2022
023/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.11.2022
061/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	22.11.2022
083/22	Formannskapet	29.11.2022
177/22	Kommunestyret	15.12.2022

Temaplan Helse og velferd 2022-2034. Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 21.11.2022

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 22.11.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.11.2022

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 29.11.2022

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Kinn eldreråd 21.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KIEL- 044/22 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2022:

Handsaming:

Leiar Bente Nilsen orienterte.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

RMNF- 023/22 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

Orientering ved leiar for koordinerande eining Trude Gulbranson.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 061/22 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Formannskapet 29.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 083/22 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar temaplan for Helse og velferd 2022-2034, med prinsipp og føringar for tenesteutvikling i planperioden.
2. Gjennomføring av oppdrag knytt til økonomiplantiltak og investeringar vert årleg fulgt opp i budsjett og handlingsprogram.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Fra Jacob Nødseth (V), foreslått av Edvard Iversen, Vågsøy VenstreKinn Venstre Kommunestyret vedtek planen slik den ligg føre, med slik presisering/ending: Kommunestyret er uroa for at ein legg til grunn ei vesentleg for låg dekningsgrad for HDO og institusjonsplassar. Kommunestyret meiner at dekningsgraden for desse to samla minst bør vere på ca 20 %, og ber om at ein får lagt fram kva konsekvensar ei slik dekningsgrad vil få for kommunen. Kommunestyret vil vidare ha ei sak om korleis tildeling av tenester har skjedd i Kinn, kontra faktisk behov hos søkjar, moglegheit for tenestetildeling i form av tal tilsette/bustader mv. Dette vert å komme attende til i revidert budsjett, dersom ein må tilføre sektoren større midlar på kort og eller lengre sikt.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet falt med 12 røyster frå AP og KRF.

Tilleggsforslag frå Venstre vedtatt med 27 røyster (4 V, 4 R, 6 H, 3 SP, 2 MDG, 2 SV, 2 FRP, 4 uavhengige v/ Egeberg, Hopland, Aare og Solheim). AP og KRF stemte i mot forslaget.

KOST- 177/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek planen slik den ligg føre, med slik presisering/ending: Kommunestyret er uroa for at ein legg til grunn ei vesentleg for låg dekningsgrad for HDO og institusjonsplassar. Kommunestyret meiner at dekningsgraden for desse to samla minst bør vere på ca 20 %, og ber om at ein får lagt fram kva konsekvensar ei slik dekningsgrad vil få for kommunen. Kommunestyret vil vidare ha ei sak om korleis tildeling av tenester har skjedd i Kinn, kontra faktisk behov hos søkjar, moglegheit for tenestetildeling i form av tal tilsette/bustader mv. Dette vert å komme attende til i revidert budsjett, dersom ein må tilføre sektoren større midlar på kort og eller lengre sikt.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld endeleg politisk handsaming av temaplan for Helse og velferd 2022-2034 for Kinn kommune. Temaplan har vore på høyring, og høyringsprosessen og kommunedirektør si vurdering av høyringssvar er del av handsaminga.

Saksopplysningar:

Høyringsprosess og høyringssvar:

Helse-, sosial og omsorgsutvalet sendte sak om temaplan Helse og velferd 2022-2034 ut på offentlig høyring i 4 veker den 06.09.2022.

HSOU-050/22 Vedtak:

Helse-, sosial og omsorgsutvalet i Kinn kommune sender temaplan for Helse- og Velferd 2022-2034 til høyring. Høyringsperioden er på 4 veker frå 06.09.2022-04.10.2022.

Plandokumentet vert lagt ut på www.kinn.kommune.no/planar.

I høyringsperioden skal det holdast møter med Eldrerådet og Kommunalt råd for mennesker med nedsett funksjonsevne.

- 1. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker at det vert utvikla den lette brukarmodellen av planen. Eit døme kan være lydfile og ein kortversjon av planen.*
- 2. Merknad til punkt 2.4. Dei digitale sårbare. I følge Seniornett Norge er det 600 000 personar med lav eller ingen digital kompetanse. Det må difor finnast eit analogt alternativ til innbyggjarane. Det er kommunen som har det overordna ansvaret for digital opplæring av sine innbyggjarar og eit analogt*

- alternativ. Det må være eit funksjonelt tilbod til alle brukarar i kommunen.*
3. *I punkt 4.1 er ingen punkt innarbeidd i økonomiplan. Det er viktig at alle punkt får utarbeidd ei økonomisk oversikt.*

Kommunedirektør si oppfølging etter vedtak HSOU 050/22.

Den 05.09.22 var det gjennomgang av høyringsutkast i kommunalt råd for eldre og rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne. Det vart avtalt med råda om dei ville ha ytterlegare orientering i høyringsperioden kunne dei ta direkte kontakt med kommunalsjef, eller sakshandsamar Trude Gulbranson. Høyringa vart offentleggjort på kommunen sine heimesider. Det vart laga video med informasjon om temaplan på kommunen si heimeside, som og vart lagt ut på Kinn kommune si offisielle facebook side. Det vart sendt ut epost om høyring til; Helse Førde, Statsforvalteren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune, Bremanger kommune og Stad kommune, og Krisesenteret i Sogn og Fjordane. I tillegg vart det sendt ut melding til alle tenestene i Kinn kommune med oppfordring om å gje interne innspel med frist på 3 veker. Kommunedirektør vurderer såleis at det har vore mulighet for brei deltaking i høyringsperioden.

Det har kome 2 eksterne innpel. Desse er frå rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne i rådsmøtet 05.09 (samsvar med vedtak HSOU 050/22). Høyringsuttale frå Helse Førde ved fag og utviklingsavdelinga, Samhandlingssjef.

1. Vurdering og oppfølging av innspel frå rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne:

Innspela til rådet samsvarar med HSOU vedtak 050/22. Temaplanen kan skrivast ut i utskriftsvennleg pdf- versjon. Både rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne og kommunalt råd for eldre har fått tilbakemelding om dette. Publikums-mottaka i både Måløy og Florø har fått melding om at dei må ha tilgjengeleg utskrift av temaplan, og skrive ut ved behov for det. Utskriftsvennleg versjon er på 30 sider inkludert bilda. Det vart og gjennomført felles orientering om temaplan Helse- og velferd, etter vedtak i rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne

Økonomiplantiltak er lagt inn i auke driftsrammer knytt til auke i brukarar og til styrking av IKT-superbrukarressurs i helse- og omsorgstenestene. I tillegg er det lagt inn behov for investeringar i utstyr som lettar og tryggar kvardagen til tilsette i heimetenestene. Innovasjonsgruppa lagar framlegg til investeringsplan i samband med økonomiplanarbeidet. Det er og knytt investeringar til behov for løpande supplering av utstyr – velferdsteknologi. Dei oppdraga som står utan økonomiplantiltak er tenkt handtert innanfor ordinær drift.

2. Innspel frå Helse Førde, med vurdering av Kommunedirektør:

Helse Førde sine generelle kommentarar til planen er at det er fint å få ein digital temaplan som det er raskt å manøvrere i. og som er lett tilgjengeleg for samarbeidspartnarar. Språket i planen er kort, konsist og lesarvennleg. Det kunne gjerne vore enda større grad av biletbruk i planen då det eignar seg godt til det digitale formatet. Saknar ein enkel måte å manøvrere i planen på, slik det er no må ein gå attende til framsida for å kome vidare til neste kapittel.

Helse Førde har og nokre kommentarar til dei einskilde kapitla (vedlagt sak). Tilbakemeldingane i kapittel 2.1. Helsefremming og førebygging omhandlar at utfordringane som kommunen skisserer er lite vurdert, og at det ikkje er laga stratgiar for å møte utfordringane.

Tilbakemeldingane når det gjeld kapittel 2.2. Kompetanse, bemanning og rekruttering er at tiltak som er iverksett er godt beskrevet – kanskje for detaljert. Helse Førde ønskjer og å kommentere at det er liten vurdering av effekt og strategi utover det å satse på eigne tilsette. Helse Førde vil gjerne samarbeide om tiltak på dette området.

Når det gjeld innovasjon og teknologi kapittel 2.3. er tilbakemeldingane frå Helse Førde at utfordringane er lite vurdert, og at kommunen manglar strategi. Helse Førde vil og på dette området være ein samarbeidsressurs.

Tilbakemeldingane på kapittel 3.1. dimensjonering av tenester omhandlar at det ikkje er laga strategi på korleis møte utfordringane som kjem dersom premiss for reduksjon i dekningsgrad av døgnplassar vert endra.

Tilbakemeldingane på kapittel 3.2 Brukarmedverknad, tverrfagleg samarbeid og samhandling er at utfordringane er godt beskrive. Dei saknar at Sogn og Fjordane helsefellesskap er nevnt, og at kravet om felles planlegging etter Helse- og omsorgstenestelova ikkje er nevnt.

Vurdering frå kommunedirektør:

Ei generell vurdering er at utfordringane er grundig vurdert, og at strategiar er lagt. Vurderingane ligg i grunnlagsdokumentet (vedlegg 1 til digital temaplan), og strategiane ligg som mål og delmål med tilhørande oppdrag i kapittel 4 i den digitale planen. Kommunedirektøren ser det er utfordringar med nye begrep og teknologi i ny digital planmodul – det er ein ny måte å lage plan på. Ei oppfølging av innspelet frå Helse Førde vert at det må gå tydelegare fram kor lesar finn kva. Dette vert imøtesett og skal tydeleggjerast. Helse Førde gir og tilbakemelding på manglande strategi om premissa for behov for reduksjon i døgnplassar ikkje vert fulgt. Strategien til Kinn kommune er at planfesta endra arbeidsmetodar, teamarbeid og fleksibel og rett bruk av innsatstrappa må gjennomførast for å hjelpe fleire med dei ressursane vi har. Strategiane vi har lagt er tett knytt til både økonomi, kompetanse og tilgjengelege ressursar. Om organisasjonen ikkje lukkast med tiltaka og arbeidsmetodikkane vi legg til grunn kan dei økonomiske konsekvensane bli vesentleg større.

Innspela frå Helse Førde om samarbeid når det gjeld helsefremming og førebygging, kompetanse- og rekrutteringsarbeidet og innovasjon og teknologi vert imøtekome. Dette er positivt. Ein god måte å ta dette vidare på er avtalar gjennom Helsefellesskap. Dette vert tatt vidare, og som del av temaplan.

Saksopplysningar og vurderingar av temaplan Helse- og velferd. Kort om innhald og økonomiske konsekvensar:

«Temaplan for helse- og velferdstenestene i Kinn kommune 2022-2034 legg dei strategiske føringane og prinsippa for tenesteutvikling i planperioden. Arbeidet med temaplanen er i stor grad gjennomført i tråd med «Rammer for arbeidet med Temaplan for helse og velferd» som vart vedtatt av kommunestyret i juni 2021.

Planen er tverrfagleg og femnar om Kinn kommune sitt ansvar og strategiar for brukarar med behov for hjelpetenester. Ulike arbeidsgrupper har arbeidd med prioriterte tema i ein serie møter i 2021 og 2022. Arbeidsgruppene har vert tverrfagleg samansett og brukarane har vert med i arbeidet.

Prioriterte tema det har vert arbeidd med er:

Bustadsosial handlingsdel.

Handlingsdel for innovasjon og teknologi.

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Handlingsdel for kompetanse og rekruttering.

Handlingsdel for tverrfagleg førebygging og tidleg innsats.

Planen dimensjonerer tilbod om ulike tenestetypar basert på demografi og framskrivingar

av behov. Planen fastsetter pleiefaktor for ulike tenestetypar - der det er mogleg. Den omfattar rekruttering og kompetanse, og kompetanseplan. Den konkretiserer behov for eventuelle nye tilbod eller bygg. Den prioriterer behov for økonomiplan tiltak - og syner innsparingar etter tiltak jamfør Agenda Kaupang økonomianalyse - og arbeid med kostnadsreduksjon. Planen legg til grunn teamarbeid som eit bærande prinsipp. Det same gjeld ei heilskapleg tenesteforvaltning og tydeleg leiing.

Temaplanen omfattar tilrådingar for organisasjonsmessige grep for betre kvalitet og utvikling av tenestene etter prinsippa over. Dette gjeld hovudsakleg implementering av endra arbeidsmetodar og faglege tilnærmingar.

Planen gir ikkje detaljerte føringar for drifta av tenestene. Det må løysast på tenestenivå i tråd med prinsipp og strategiar gitt i planen. Planen ivaretek overordna strategiar og mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Planen er koordinert med tiltak frå andre temaplanar.»

Vurderingar:

Kommunedirektøren si vurdering av arbeidsprosess: Det har vore omfattande og grundige arbeidsprosessar med mange deltakarar. Arbeidsprosessane er dokumentert i eit grunnlagsdokument, som ligg som vedlegg til planen. Dei ulike arbeidsgruppene har nytta felles arbeidsmetodikk i arbeidet;

1. kunnskap og fakta om utfordringsbildet. Nosituasjon
2. felles forståing og aksept for utfordringane. For å bli einige om:
3. felles visjon som omhandlar kva vi vil oppnå og
4. strategi som omhandlar kva rolle dei ulike aktørane i prosessen skal ha og korleis samhandlinga mellom aktørane skal organiserast.
5. prioritering av handling. Det kjem fram mange forslag til aktivitetar og tiltak gjennom arbeidsprosess, og det er naudsynt med tydelege prioriteringar avhengig av kva som er mogleg å gjennomføre innanfor tilgjengelege ressursar.
6. evaluering og læring. Viktig del av prosess og handlar om å få fram både det vi har lært og lukkast med i arbeidet og det vi ikkje har fått til. Ein open diskusjon her er avgjerande for bygging av tillit mellom aktørane og for forbetring og endring i neste runde.

Oppdraga som vert presentert i planen er dermed basert på ei felles forståing i gruppene av utfordringar og moglegheiter, og korleis vi best kan løyse desse i eit berekraftig perspektiv. I tillegg til arbeidet i arbeidsgruppene har det vore fagdag med politikarar, helse og sosialutvalet og oppvekstutvalet, og løpande orienteringar temavis i helse- og sosialutvalet. Tillitsvalde har vore deltakande i arbeidet. Oppdraga i handlingsplanen er dermed godt forankra.

Kort om innhald i planen:

Prognosane viser eit aukande behov for helse- og velferdstenester.

Den største utfordringa er ressurstilgangen til helse- og velferdssektoren, både menneskelege og økonomiske ressursar. For å møte denne utfordringa inneheld planen tiltak og arbeidsmetodikk for berekraftig utvikling av pleie- og omsorgstenestene. Bærande prinsipp for tenesteutviklinga er førebygging, tidleg intervensjon, samhandling og koordinerte tenester;

Heimetenestekommune

Kinn kommune skal ha ei kvalitativ god helse -og omsorgsteneste som er tufta på tilbod om differensierte og samanhengande heimebaserte tenester i eigen bustad. Kommunen skal ha omsorgsbustader, bukollektiv, heildøgnsbemanna omsorgsbustader og institusjonsplassar ved behov.

Nye arbeidsmetodar og nye faglege tilnærmingar

For å sikre kvalitet i tenestene skal vi implementere og innarbeide nye arbeidsmetodar og faglege tilnærmingar. Fagleg omstilling og kompetanseheving i tenestene vert mellom anna knytt til ei sterkare vektlegging av meistring, habilitering og rehabilitering,

førebygging, tidleg innsats, aktivisering, miljøarbeid, rettleiing av pårørande og frivillige, og til innføring av velferdsteknologi. Kvalitet i tenestene våre krev og at vi i planperioden klarar å rekruttere og stabilisere nok og kvalifisert arbeidskraft. Kvaliteten er og tett knytt til den medisinskfaglege oppfølginga.

Strukturert tverrfagleg teamarbeid

Strukturert tverrfagleg teamarbeid vert eit berande prinsipp for arbeidsmetodikk ut mot brukarar og pasientar som treng hjelp frå fleire tenester. Styrking av koordinatorrolla skal vektleggjast, og dei som mottar hjelp frå fleire velferdstenester ska vere trygge på kven som er deira koordinator eller primærkontakt.

«Kva er viktig for deg» er eit berande prinsipp

Ei sterk helse- og velferdsteneste krev fagleg og strategisk god leiing, og leiarane må vere dei første som tar innover seg, og frontar endringar ut til organisasjonen. Organiseringa og strukturane skal fremje heilskaplege tiltak. Leiarane og dei tilsette må ta ansvar for samhandling, og systematisk jobbe for gode pasientforløp. Brukarmedverknad er viktig, og tenestene skal ha «Kva er viktig for deg» som berande prinsipp i møte med pasient eller brukar.

Kvalitetsutvikling

God leiing handlar generelt om å setje mål og sørge for at ein oppnår ønska resultat. Kvalitetsarbeid og Demings sirkel skal vere førande. Det handlar om å planlegge, gjennomføre, evaluere og eventuelt korrigere tiltak for å få tenestene til å utvikle seg på ein god måte. Dette ansvaret må alle ledd i organisasjonen ta. Leiarane må eksplisitt arbeide med forventningsavklaringar og kulturendring i tenestene.

Gode bu- og aktivitetstilbod

Kommunen skal fortsette det gode arbeidet med bustadsosialt arbeid. Ingen skal vere bustadlaus, barn og unge skal ha gode butilhøve, personar med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit for gode bu- og aktivitetstilbod, og fleire skal eige sin eigen bustad. Arbeid for å motverke sosial ulikskap vert særleg viktig.

Ny institusjon og fleire omsorgsbustader

I planperioden skal det byggast ny institusjon på sjukehusomtå i Florø. Institusjonen skal inkludere arena for dagtilbod, kortidsplassar og rehabiliteringsplassar, base for heimetenestene og areal for legevakt. I tillegg skal reguleringsplanen ta høgde for bygging av minst 30 omsorgsbustader på tomta. Furuhaugane omsorgssenter skal fasast ut. »

Temaplan Helse og velferd. Kinn kommune 2022-2034 finn du på www.kinn.kommune.no, økonomi og planlegging – planoversikt-temaplan og temaplan Helse og velferd Kinn kommune.

Økonomiske konsekvensar:

«Planen har store økonomiske konsekvensar. Når det gjeld behov for auka bemanning og auke i driftsbudsjettet for institusjonsteneste og pleie og omsorg har Kommunal og distriktsdepartementet stipulert eit auka behov for årsverk i komande 10 års periode på 80 årsverk for Kinn kommune. Tabellen under syner prognose for auke i bemanning og kostnader etter planarbeidet:

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Auke årsverk Heimeteneste	2	4	6	8	10	12	14	16	18	20
økonomi	1	3		6	8	10	11	13	15	17

Heimetenestene	700 ,	400 ,	5 11 1,	800`	500 ,	200 ,	900 ,	600 ,	300 ,	000 ,
Auke plassar HDO	0	1	3	8	13	18	23	28	33	36
økonomi HDO		425 ,	1 275`	3 400`	5 525 ,	7 650 ,	9 775 ,	11 900 ,	14 025 ,	15 300 ,
Auke plassar institusjon				3	6	11	16	21	26	31
økonomi institusjon				2 167`	4 335 ,	7 948 ,	11 560 ,	15 173 ,	18 785 ,	22 398 ,
Auke økonomi samla (akkumulert)	1 700 ,	3 825 ,	6 375`	12 368`	18 360 ,	25 797 ,	33 235 ,	40 673 ,	48 110 ,	54 698 ,

Kinn kommune har lagt seg på eit lågare estimat for behov for auke i årsverk i pleie- og omsorgstenestene enn kva kommunal- og distriktsdepartementet(KDD) har gjort i si prognose. Kinn kommune legg til grunn eit auka behov for 64 årsverk i planperioden, og KDD si prognose gir oss eit behov for ei auke på 80 årsverk. Kinn kommune har lagt oss lågare fordi tiltaka og arbeidsmetodikkane vi legg til grunn i denne planen skal gi ei meir berekraftig utvikling av pleie- og omsorgstenestene. Om organisasjonen ikkje lukkast med tiltaka og arbeidsmetodikkane vi legg til grunn kan dei økonomiske konsekvensane bli vesentleg større. Tiltaka og arbeidsmetodikkane som vert lagt til grunn skal være med å heve kvaliteten på tenestene, som igjen vil bidra til å hjelpe fleire med dei ressursane vi har.

I planperioden skal det byggast ny institusjon og omsorgsbustadar med heildøgns omsorgstilbod i Florø. Dette er ikkje del av planen, men er vedtatt som eige investeringsprosjekt Når det gjeld innfasing av auke i institusjonsplassar vil val av korleis innfasinga vert gjort ha betydning for korleis ein forskyver på behov for når kommunen treng årsverka. Dette gjeld om ein til dømes vil innfase ei og ei avdeling kontra ein og ein plass. Dette må ein ta høgd for i årlege budsjettprosessar

Økonomiske konsekvensar i temaplan Helse og velferd kopla mot økonomiplan.

Kinn kommune sin økonomiplan er utarbeidd med lågare økonomiske rammer enn kva temaplanen skisserer. I økonomiplan er det skissert ein prosess for å gjennomføre eit arbeid med lågare ressursbruk enn kva dagens nivå ligg på. Dette vil være særskilt krevjande då kommunen allereie har gjennomført store endringar i tenestene»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Sjå grunnlagsdokument. Vedlegg 5 i digital plan.

Vedlegg:

Høyringsuttale frå Helse Førde

Temaplan Helse og velferd 2022-2034. Digital plan kap 1-5.


Andre dokument i saken:

Høyningssvar - Temaplan Kinn kommune helse og velferd

--	--

Andre dokumenter i saken:

Høyringsvar - Temaplan Kinn kommune helse og velferd
Temaplan Helse og velferd 2022-2034. Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
060/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	22.11.2022
178/22	Kommunestyret	15.12.2022

Skjenkeløyve - Batalden Ishus AS - 2020-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Batalden Ishus AS, org. nr.814 264 262 , ved dagleg leiar Ragnhild Jenssen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Batalden Ishus AS, Fanøyvegen 11, 6917 Batalden. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024

Godkjent styrar	Ragnhild Jenssen, født 25.11.1959
Godkjent lokale	Batalden Ishus AS, 1 etg. inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Selskapslokale og pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Batalden Ishus AS	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 22.11.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Batalden Ishus AS, org. nr.814 264 262 , ved dagleg leiar Ragnhild Jenssen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Batalden Ishus AS, Fanøyvegen 11, 6917 Batalden. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024

Godkjent styrar	Ragnhild Jenssen, født 25.11.1959
Godkjent lokale	Batalden Ishus AS, 1 etg. inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Selskapslokale og pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med

forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Batalden Ishus AS	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 22.11.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 060/22 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Batalden Ishus AS, org. nr.814 264 262 , ved dagleg leiar Ragnhild Jenssen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Batalden Ishus AS, Fanøyvegen 11, 6917 Batalden. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024

Godkjent styrar	Ragnhild Jenssen, født 25.11.1959			
Godkjent lokale	Batalden Ishus AS, 1 etg. inne og ute, jf. godkjente planteikningar			
Type verksemd	Selskapslokale og pub			
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol			

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Batalden Ishus AS	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå helse-, sosial og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 178/22 Vedtak:

Batalden Ishus AS, org. nr.814 264 262 , ved dagleg leiar Ragnhild Jenssen, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Batalden Ishus AS, Fanøyvegen 11, 6917 Batalden. Løyvet gjeld til og med 30.09.2024

Godkjent styrar	Ragnhild Jenssen, født 25.11.1959			
Godkjent lokale	Batalden Ishus AS, 1 etg. inne og ute, jf. godkjente planteikningar			
Type verksemd	Selskapslokale og pub			
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60%			

	alkohol
--	---------

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Batalden Ishus AS	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Batalden Ishus AS, som ønskjer å starte bar og utleige av selskapslokale i Batalden. Dei søker om løyve til skjenking av alle sortar alkohol utan stadsavløysar.

Saksopplysningar:

Batalden Ishus AS ønskjer å ha utleige av selskapslokale og pub 1 – 2 ganger i månaden i vinterhalvåret og litt oftare i sommarhalvåret. Festivalen Havblikk har sidan 2019 vorte arrangert siste helga i juni.

Batalden Ishus AS er ei lita verksemd med små og få arrangement i løpet av året og får fritak frå krav om stadavløysar, jf. Alkohollova §1-7c.

Dei sendte søknad om serveringsløyve 07. oktober og skjenkeløyve 13. oktober, og er informert om politisk saksgang for slike søknader.

Vurderingar:

Batalden Ishus AS har levert inn alle dokument som er kravd for slike søknader. Det vart i 2011 søkt om og godkjent bruksendring av bygget, så der er ikkje trong for noka ny regulering eller godkjenning av lokala.

Søknaden er handsama i samsvar med serveringslova og alkohollova.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunedirektøren overleverte sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 for Kinn kommune til Kinn formannskap i møte den 8. november. Første år i økonomiplanen er å rekne som budsjett 2023. Økonomiplan og handlingsprogram er utarbeidd som digital versjon i systemet Framsikt. I møtet den 8. november orienterte kommunedirektøren om kva som er lagt til grunn i sitt utkast. Link til opptak frå møtet: [KommuneTV - opptak frå formannskapsmøte 8. november 2022](#)

Link til den digitale økonomiplanen og handlingsprogrammet er å finne via Kinn kommune si heimeside, og i denne saka.

Kinn formannskap kjem med framlegg til økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 i møte 29. november. I tråd med kommunelova (§44 og §45) vert Kinn formannskap sitt framlegg lagt ut til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar, før Kinn kommunestyre fattar endeleg vedtak i møte den 15. desember.

Kinn kommunestyre sin vedtekne økonomiplan 2023-2026 vert sendt som orientering til Statsforvaltaren i Vestland seinast 30 dagar etter at budsjett og økonomiplan er vedteke, det vil sei seinast innan 14. januar 2023.

Saksopplysningar:

Økonomiplan og handlingsprogram er utarbeidd som digital versjon i systemet Framsikt, og blir med det best framstilt på nettet. Arkivversjonen frå Framsikt er lagt som vedlegg til denne saka.

Link til den digitale økonomiplanen og handlingsprogrammet er med anna å finne via Kinn kommune si heimeside:

[Sak om økonomiplan 2023-2026 på heimesida til Kinn kommune](#)

Direktelink til Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 Kinn kommune:

[Framsikt - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 Kinn kommune](#)

Politiske spørsmål, og svar frå administrasjonen, ligg som eiga meny punkt i den digitale versjonen.

Uttale frå råd og utval vert lagt fram i eiga sak.

Vurderingar:

Sjå vurderingar i digital versjon, eller i vedlagte arkivversjon.

Økonomiske konsekvensar:

Som vist i økonomiplan 2023-2026

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Brev av 21.10.2022 frå Statsforvaltaren i Vestland om «Handsaming av budsjett og økonomiplan – innsending til Statsforvaltaren»

Direktelink til Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026:

[Framsikt - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 Kinn kommune](#)

Vedlegg i saken:


Handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026, arkivversjon

Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Statsforvaltaren

Konkurransetsetting - Pensjon

Innspeil til sak om konkurranseutsetting pensjon

Pensjon- Konkurranseutsetting



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/59875
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 08.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
184/22	Kommunestyret	15.12.2022

Interpellasjonar

Underliggende sak:

005/22, Interpellasjon - Nye brannstasjoner i Kinn

006/22, Interpellasjon - midlar til dei mest utsette familiane

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:


Interpellasjon 006/22 vart utsatt.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 184/22 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 22/59610
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 06.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Kommunestyret	15.12.2022

Interpellasjon - Nye brannstasjoner i Kinn


Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

KOST- 005/22 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 22/60379
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 08.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/22	Kommunestyret	15.12.2022

Interpellasjon - midlar til dei mest utsette familiane


Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

KOST- 006/22 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Saksnr.	Utval	Møtedato
185/22	Kommunestyret	15.12.2022

Søknad om fritak frå politiske verv - Kim Gunnar Jensen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kim Gunnar Jensen får fritak frå sine verv som folkevalt i Kinn kommune frå 01.01.2023 og ut perioden.

Kommunestyret:

1. Stine Kråkenes Øvrelid rykker opp som fast medlem nr. 10 i kommunestyret for AP frå 01.01.2023.

2. Laila Schult rykker opp som nytt 13.varamedlem for AP frå 01.01.2022.

3. Oppdatert liste for Arbeiderpartiet i Kinn kommunestyre frå 01.01.2023:

Plan-, miljø- og næringsutvalet:

1. _____ vert valgt inn som 1. varamedlem i plan-, miljø og næringsutvalet for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for plan-, miljø og næringsutvalet frå 01.01.2023:

Samferdsleutvalet:

1. _____ vert valgt inn som medlem i samferdsleutvalet for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for samferdsleutvalet frå 01.01.2023:

Klagenemnda:

1. _____ vert valgt inn som 2.varamedlem i klagenemnda for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for klagenemnda frå 01.01.2023:

Prosjektutvalet:

1. _____ vert valgt inn som 3. varamedlem i prosjektutvalet for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for prosjektutvalet frå 01.01.2023:

Overtakstsnemnd for eigedomsskatt:

1. _____ vert valgt inn som varamedlem i overtakstnemnd for eigedomsskatt for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for overtakstnemnd for eigedomsskatt frå 01.01.2023:

Kommunestyret 15.12.2022:**Handsaming:**

Forslag Ap, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1 . Kim Gunnar Jensen får fritak frå sine verv som folkevalt i Kinn kommune frå 01.01.2023 og ut perioden.

Kommunestyret:

1 . Stine Kråkenes Øvreid rykker opp som fast medlem nr. 10 i kommunestyret for AP frå 01.01.2023.

2 . Laila Schult rykker opp som nytt 13.varamedlem for AP frå 01.01.2022.

3. Oppdatert liste for Arbeiderpartiet i Kinn kommunestyre frå 01.01.2023:

Plan-, miljø- og næringsutvalet:

1. Terese Gjerde vert valgt inn som 1. varamedlem i plan-, miljø og næringsutvalet for AP frå 01.01.2023. Varalisa rykker opp. Ola Teigen går inn som siste vara

2. Oppdatert liste for plan-, miljø og næringsutvalet frå 01.01.2023:

Samferdsleutvalet:

1. Lars Terje Standalvert valgt inn som medlem i samferdsleutvalet for AP frå 01.01.2023. Varalista rykker opp. Ola Teigen går inn som siste vara.

2. Oppdatert liste for samferdsleutvalet frå 01.01.2023:

Klagenemnda:

1 . Ola Teigen går inn som siste vara. Varalista rykker opp.

2. Oppdatert liste for klagenemnda frå 01.01.2023:

Prosjektutvalet:

1. _____ vert valgt inn som 3. varamedlem i prosjektutvalet for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for prosjektutvalet frå 01.01.2023:

Overtakstsnemnd for eigedomsskatt:

1. Ronny Cassells vert valgt inn som varamedlem i overtakstnemnd for eigedomsskatt for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for overtakstnemnd for eigedomsskatt frå 01.01.2023:

Det var røysta over lukking av møte slik at ein kunne få ei grunngjeving for søknad om fritak. Det vart 4 røyster frå Raudt, og dermed vart ikkje møte lukka.

Røysting:

Framlegg frå AP samrøystes vedtatt.

KOST- 185/22 Vedtak:

1 . Kim Gunnar Jensen får fritak frå sine verv som folkevalt i Kinn kommune frå 01.01.2023 og ut perioden.

Kommunestyret:

1 . Stine Kråkenes Øvrelid rykker opp som fast medlem nr. 10 i kommunestyret for AP frå 01.01.2023.

2 . Laila Schult rykker opp som nytt 13.varamedlem for AP frå 01.01.2022.

3. Oppdatert liste for Arbeiderpartiet i Kinn kommunestyre frå 01.01.2023:

Faste medlem:

Ola Teigen

Anders Ole Sunnarvik

Bente Nygård

Lars Terje Standal

Leif Magne Gil

Petter Karl Refsnes

Ronny Cassells

Silje Ødegård Standal

Tove Lill Refvik Volle

Stine Kråkenes Øvrelid

Marie Øverås Jensen

Varamedlem:

Doris Christensen

Terese Gjerde

Inger Strand Kvalheim

Thea Louise Esp

Hilmar Kråkenes

Ralf Einar Johannessen

Roy Andre Berg

Åge Arne Larsen

Per Christian Kjørlaus

Majed Anwar Alkhaldi

Janne Helen Ljøen Kaarbø

Asbjørn Kjell Sørda

Laila Schult

Plan-, miljø- og næringsutvalet:

1. Terese Gjerde vert valgt inn som 1. varamedlem i plan-, miljø og næringsutvalet for AP frå 01.01.2023. Varalista rykker opp. Ola Teigen går inn som siste vara.

2. Oppdatert liste for plan-, miljø og næringsutvalet frå 01.01.2023:

Leiar: Jacob Nødseth (V)

1. nestleiar: Kristian Skibenes (H)

2. nestleiar: Lars Terje Standal (Ap)

Trine Hovland (H)

Bente Nygård (Ap)

Randi Aare (Uah)

Asgeir Solheim (Uah)

Roy Husevåg (R)

Kine Nygård (MDG)

Vara Plan miljø og næringsutvalet:

MDG:

Geir Arne Solheim

Bjarne Melvær Berge

Guro Draugsvoll Haugland

Sp:

Jan Arve Midtbø

Marianne Kvamme

Fredrik Smiley Ekeberg (Uah)

Stig Asle Midtbø

Rødt:

Geir Oldeide

Marie Ryland Frøyen

Sunniva Oldeide

Ap:

Terese Gjerde

Petter Refsnes

Asbjørn Sørdal

Åge Larsen

Per Christian Kjørlaug

Ola Teigen

Høgre:

Amund Gotteberg

Margunn Belsvik

Thomas Ellingsen

Hanne E. Kristensen

Venstre:

Torstein Hagen

Karoline Korneliussen Skår

Selma Strand Larsen

Samferdsleutvalet:

1. Lars Terje Standal vert valgt inn som medlem i samferdsleutvalet for AP frå 01.01.2023. Varalista rykker opp. Ola Teigen går inn som siste vara.

2. Oppdatert liste for samferdsleutvalet frå 01.01.2023:

Leiar: Vidar Grønnevik (H)

Nestleiar: Vivian Nordstrand (V)

Lars Terje Standal (Ap)

Marianne Kvamme (Sp)

Gustav Johan Nydal (Krf)

Varamedlemer til samferdsleutvalet:

Ap:

Terese Gjerde

Doris Christensen

Ola Teigen

Sp/ KrF:

Anita Eikevik

Helge Terøy

Martha Leirvik (Krf)

Høgre:
Morten Andreas Hagen
Hanne Husebø Kristensen

Venstre:
Jan Henrik Nygård
Klaus Iversen
Marit Barsnes Krogsæter

Klagenemnda:

1 . Ola Teigen går inn som siste vara. Varalista rykker opp.

2. Oppdatert liste for klagenemnda frå 01.01.2023:

Leiar: Jacob Nødseth (V)
Nestleiar: Lars Terje Standal (Ap)
Trine Hovland (H)
Randi Aare (Uah)
Roy Husevåg (R)

Vara Klagenemnda:

Ap:
Bente Nygård
Petter Refsnes
Ola Teigen

Høgre:
Kristian Skibenes
Line Sundal
Amund Gotteberg

Rødt/MDG:
Kine Nygård
Guro D. Haugland
Sunniva Oldeide

Venstre:
Edvard Iversen
Karoline Korneliussen Skår
Selma Strand Larsen

Sp:
Asgeir Solheim (Uah)
Jan Arve Midtbø

Prosjektutvalet:

Ingen nye medlemmer valgt.

Overtakstnemnd for eigedomsskatt:

1. Ronny Cassells vert valgt inn som varamedlem i overtakstnemnd for eigedomsskatt for AP frå 01.01.2023.

2. Oppdatert liste for overtakstnemnd for eigedomsskatt frå 01.01.2023:

Leiar: Lasse Seim (V)
Nestleiar: Doris Christensen (AP)
Bengt Solheim-Olsen (H)
Geir Arne Solheim (MDG)
Marianne Kvalvik Kvamme (SP)

Varamedlem:
Stine Kråkenes Øvrelid (AP)
Ronny Cassells (AP)
Linda Vika-Svård (H)
Charles Skorpeide (SP)
Torstein Hagen (V)

Bakgrunn for saka:

Representanten Kim Gunnar Jensen (AP) søker om fritak frå folkevalgte verv i Kinn kommune frå 01.01.2023 og ut perioden.

Saksopplysningar:

Søknad om fritak frå repr. Jensen er grunngjeven. Ordførar og kommunedirektør er informert om grunn for søknad om fritak.

I henhold til kommunelova sin § 7-10, 3. ledd overtar Stine Kråkenes Øvrelid som fast kommunestyrerepresentant for AP Kinn. Øvrige varamedlemer rykker opp ein plass, og Laila Schult overtek som ny 13. vara for AP. Dette jfr. valprotokoll for valstyret i Kinn kommune for kommunestyrevalet 2019.

Kim Gunnar Jensen er medlem og vara i følgjande utval:

- | | |
|------------------------------------|---------|
| · Plan-, miljø og næringsutvalet | 1. Vara |
| · Samferdsleutvalet | Medlem |
| · Klagenemnda | 2. Vara |
| · Prosjektutvalet | 3. Vara |
| · Overtakstnemnd for eigedomsskatt | Vara |

Nedanfor finn ein utskrift av kommunelova § 7-9, 1. ledd, § 7-10, 3. ledd og § 7-10, 4. og 6. ledd:

Kommuneloven § 7-9, 1. ledd:

En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

Kommuneloven § 7-10, 3. ledd:

Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.

Kommuneloven § 7-10, 4. ledd:

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.

Kommuneloven § 7-10, 7. ledd:

Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de

lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.

Vurderingar:

Framlegg til vedtak om fritak og nytt medlem og varamedlem i kommunestyret er i tråd med kommuneloven § 7-9, 1 ledd og § 7-10, 3. ledd.


Erstatning av Jensen som medlem og vara i plan-, miljø og næringsutvalet, samferdsleutvalet, klagenemnda, prosjektutvalet og i overtakstnemnd for eigedomsskatt, skal veljast av den gruppa han tilhører, Arbeiderpartiet. Ein må sjå til at kjønnsbalansen er i orden, jfr. Kommunelova § 7-10, 4. ledd.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova.



Saksnr.	Utval	Møtedato
187/22	Kommunestyret	15.12.2022
097/22	Formannskapet	21.12.2022

Høyringsvar NOU 2022:10 Inntektssystemet for kommunene

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune gir høyringsvar i tråd med denne saksutgreiinga

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Utsettingsforslag frå Oldeide samrøystes vedtatt.

KOST- 187/22 Vedtak:

Sak utsatt. Formannskapet handsamar sak 187/22 i eit ekstraordinært møte før nyttår.

Formannskapet 21.12.2022:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, Geir Oldeide, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Rammestyring

Kinn kommune meiner rammestyling fortsatt skal vere hovedprinsippet for den statlege styringa finansieringa av kommunesektoren. Samstundes vil vi meine at bemanningsnormer og lovfesting av individuelle rettar er eit viktig vern for dei svakaste gruppene og hindrar utvikling av større skilnader i samfunnet. Det er dei samla rammene til kommunesektoren som er for små, sett i forhold til dei stadig større og ressurskrevande oppgavene som det ligg til kommunane å løyse.

Kommunal fridom - eigedomsskatt

Kinn kommune meiner at eigedomsskatten bør endrast slik at den kan målrettast betre sosialt. Mellom anna kan dette gjerast gjennom at fritidseigedommar og bustader kan handsamast ulikt både når det gjeld skattesatsar og botnfrådrag.

Kommunal fridom - grunnskuletilskott

Kinn kommune vil ikkje ta bort grunnskuletilskottet som vart innført i 2019.

PU-kriteriet og ordninga med ressurskrevjande tenester

Utvalet sitt forslag til nedvekt av PU- kriteriet gir betydeleg omfordelingseffekt mellom kommunane. Dette rammer i særleg grad kommunar som av historiske årsaker har mange personar i gruppa. Nedvektinga av kriteriet vil få konsekvensar for toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester, som er eit øymerka tilskot utafor inntektssystemet. Det vert ikkje sagt noko om korleis eventuelt finansiere auke i det øymerka tilskottet. Risikerer kommunane trekk i innbyggartilskottet? Utvalet peikar vidare på at ein bør vurdere å innlemme deler av det øymerka

toppfinansieringstilskotet i rammetilskotet. Kinn kommune meiner at det på noverande tidspunkt er så uklart korleis heile dette komplekset vil slå ut, at PU-kriteriet ikkje bør blir nedvekta på noverande tidspunkt slik utvalet har foreslått

Barnevernnøkkelen

Kinn kommune støtter utvalet si tilråding om å analysere barnevernnøkkelen på nytt. Kinn kommune meiner vidare at inntil forklaringskrafta i barnevernnøkkelen blir betydeleg sterkare, bør rammetilskot til barnevern i større grad bli fordelt via særskilt fordeling og ikkje via kostnadsnøkkelen. Som eit minimum må forklaringskrafta styrkast før den delen som kjem via særskilt fordeling i dag knytt til ansvarsovertaking barnevern, vert overført til fordeling via barnevernnøkkelen.

Barnehagenøkkelen

Kinn kommune støttar utvalet si tilråding om å ta ut både utdanningskriteriet og kontantsstøttekriteriet av barnehagenøkkelen

Kommunal veg, og beredskap til brann og ulykkesvern

Kinn kommune meiner at desse to sektorane bør vurderast inn i utgiftsutjamninga.

Veg

Tal kilometer kommunal veg og kostnad pr. kilometer veg rapportert kommunane til SSB. Til ein viss grad er dette avhengig av kommunen sine eigne val, men samstundes heng ofte kommunal veg saman med busetnad, næringsstruktur (havbruk, skogbruk, jordbruk, industri, reiseliv friluftsliv). Tenester som skuleskyss, tilkomst for heimetenester og næringstransport gjer at få vegar kan overførast til private. Mange næringsområder er lagt utanfor byar- og tettstader på grunn av støy, høg arealbruk og estetiske omsyn. Skogbruk- og landbruksdrift er også avhengig av stort kommunal vegnett. Kommunen har såleis plikt etter anna lovverk å oppretthalde, rehabilitere og vedlikehalde kommunale vegar.

Brann og ulykkesvern

Dimensjonering av brannvesen er forskriftsfesta. Forskrifta definerer tal på tilsette til forebyggjande oppgåver i brannvesenet ut frå innbyggjartal. Kommunen sin beredskap skal også dimensjonast (tal personar tilsett og med døgnbemanning) etter innbyggjartal og by- og tettstadstruktur. Statistisk er det mogeleg å kople folketal i ein by eller ein tettstad mot bemanningsforskrifta. Kommunen må få godkjenning for brannordninga av DSB, og vil få pålegg om utbetring dersom bemanning ikkje er i samsvar med bemanningsnorma. <https://www.dsb.no/nyhetsarkiv/2021/ny-brann--ogredningsvesenforskrift-fra-1.-mars-2022/>. Det ligg til grunn sentral forhandla tariffavtale ytingar til brannmannskap. Kommunen er også plikta å være kopla til nødmeldesentral. Skal kommunen følgje forskriftene med omsyn på bemanning og beredskap vil truleg gjennomsnittskostnadene stige. Innføring av ny forskrift er ikkje kostnadsrekna og inngår såleis heller ikkje i utgiftsutjamninga, men er gitt som pålegg til kommunen å følgje opp.

Veksttilskot

Kinn kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å avvike veksttilskotet. Som utvalet skriv, det er ikkje godt dokumentert at kommunar med særleg høg folkevekst har problem med å tilpasse tenestetilbodet til ein raskt voksende befolkning. Ein rapport frå SSB viser tvert imot at vekstkommunar kan ha lågare utgifter enn andre kommunar, fordi vekstkommunane har fleire innbyggjarar, og stadig får enda fleire å dele investeringsutgiftene på. Vekstkommunar får fortløpande tilført meir pengar som følge av befolkningsveksten, sidan fleire innbyggjarar gir både auka innbyggartilskot og auka skatteinntekter. Kinn kommune meiner at midlane til veksttilskot bør bli fordelt til alle kommunane via innbyggartilskotet.

Grunnskule, demografi og investeringsbehov for å omstrukturere

Inntektssystemet fordeler i stor grad inntektene til kommunane etter tal innbyggjarar. Tal innbyggjarar i alder 0-15 år går ned for svært mange kommunar. Det medfører årleg reduserte overføringar frå staten til kommunane, noko som legg stort press på tenestetilbodet til barn og unge. Men oppvekst er ingen solnedgangsteneste. Kommunane skal framleis levere gode tenester til barn og unge. For kommunane betyr omstillingsbehovet knytt til demografi gjerne eit auka investeringsbehov. Kinn kommune stiller spørsmål om utfordringane knytt til grunnskule blir godt nok fanga opp samla sett i inntektssystemet. Kinn kommune tilrår at denne problemstillinga blir utgreidd vidare.

Framlegg frå FrP og Høgre, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn
Fremskrittsparti

Innspelet om eigedomsskatt vert endra til:

Kinn kommune meiner at eigedomsskatt er ei usosial skatt som rammar skeivt i forhold til inntekt. Kinn kommune ber om at ein fortsetter nedtrappinga av promillen kommunane har høve til å krevje inn, og er usamd med utvalet i at promillen skal opp til tidlegare nivå på 7 promille

Framlegg frå Ap, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti
Kommunal fridom - eigedomsskatt

Kinn kommune vil vidareføre dagens promillesatsar.

Nytt punkt:

Kinn kommune støttar forslaget til ny distrikstindeks.

Tilleggsforslag, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Det bør utgreiast korleis kommunane kan halde på ein større del av selskapsskatten lokalt, der aktiviteten til verksemder faktisk skjer. Dette kan stimulere til at kommunane i større grad vil legge til rette for næringsutvikling.

Tilleggsforslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Kommunal fridom - eigedomsskatt

Kinn kommune meiner at eigedomsskatten bør endrast slik at den kan målrettast betre sosialt. Mellom anna kan dette gjerast gjennom at fritidseigedommar og bustader kan handsamast ulikt både når det gjeld skattesatsar og botnfrådrag.

Kommunalsjef økonomi, Linda Nipen, orienterte.

Røysting:

Rammestyling:

Det vart røysta alternativt over framlegg frå kommunedirektør og framlegg frå Raudet v/repr. G. Oldeide.

Raudt sitt framlegg fekk 5 røyster og falt, SP-2, R-2 og V-1. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 6 røyster (4 AP, 1 H, 1 FRP).

Kommunal fridom - eigedomsskatt:

Framlegg frå kommunedirektøren fekk ingen røyster og falt.

Det vart røysta alternativt over framlegg frå Raudt v/repr. G. Oldeide og framlegg frå Frp og H v/repr. Djuvik. FRP og Høgre sitt framlegg til vedtak vedtatt med 7 røyster (2 R, 1 H, 1 FRP, 1 V, 2 SP).

AP sitt framlegg til vedtak falt med 4 røyster frå AP.

Framlegg frå Raudt om eigedomsskatt v/repr. G. Oldeide samrøystes vedtatt.

Grunnskuletilskot:

Det vart røysta alternativt over framlegg frå kommunedirektør og framlegg frå Raudt v/repr. G. Oldeide.

Raudt sitt framlegg fekk 2 røyster og falt, R-2. Kommunedirektøren sitt framlegg vedtatt med 9 røyster (4 AP, 1 H, 1 V, 2 SP, 1 FRP).

Distriktsindeksen:

Framlegg frå AP v/repr. Ødegård Standal samrøystes vedtatt.

Selsskapskatt:

Framlegg frå repr. Nødseth samrøystes vedtatt.

Det vart røysta over heile vedtaket med endringar og det vart samrøystes vedtatt.

FORM- 097/22 Vedtak:

Rammestyring

Utvalet skriv:

«Selv om rammestyring er hovedprinsippet for den statlige styringen av kommunesektoren, er det samtidig en del eksempler på at staten styrer kommunene relativt detaljert på enkeltområder. Dette kommer til uttrykk i form av innføring av bemanningsnormer og rettighetsfesting. Med utsikter til strammere økonomiske rammer framover og økende demografiske utfordringer, mener utvalget at det er viktig at kommunene gis handlingsrom til å utnytte kunnskapen om lokale forhold til å tilpasse tjenesteytingen til lokale preferanser.»

Kinn kommune støtter utvalet sin presisering av behovet for rammestyring og et sterkt lokaldemokrati. Kinn kommune meiner at rammestyringa bør styrkast, samtidig som nasjonale føringar knytt til bemanningsnivå og lovfesting av individuelle rettigheter må reduserast. Dette med anna for å sette kommunane i stand til å handtere behovet for økonomiske omstilling vi står ovanfor.

Eigedomsskatt

Kinn kommune meiner at eigedomsskatt er ei usosial skatt som rammar skeivt i forhold til inntekt. Kinn kommune ber om at ein fortsetter nedtrappinga av promillen kommunane har høve til å krevje inn, og er usamd med utvalet i at promillen skal opp til tidlegare nivå på 7 promille.

Kinn kommune meiner at eigedomsskatten bør endrast slik at den kan målrettast betre sosialt. Mellom anna kan dette gjerast gjennom at fritidseigedommar og bustader kan handsamast ulikt både når det gjeld skattesatsar og botnfrådrag.

Kommunal fridom – grunnskuletilskot

Kinn kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å avvikle grunnskuletilskotet som blei innført i 2022. Midlane bør heller blir fordelt som frie inntekter etter ordinære kriterium i innbyggartilskotet, slik utvalet foreslår. Kinn kommune meiner at lokaldemokratiet vil bli styrka ved at det er kommunestyret som skal ta avgjerd om bruken av desse midlane.

Distriktsindeksen

Kinn kommune støttar forslaget til ny distrikstindeks.

Selskapsskatt

Det bør utgreiast korleis kommunane kan halde på ein større del av selskapsskatten lokalt, der aktiviteten til verksemdar faktisk skjer. Dette kan stimulere til at kommunane i større grad vil legge til rette for næringsutvikling.

PU-kriteriet og ordninga med ressurskrevjande tenester

Utvalet sitt forslag til nedvekt av PU- kriteriet gir betydeleg omfordelingseffekt mellom kommunane. Dette rammer i særleg grad kommunar som av historiske årsaker har mange personar i gruppa. Nedvektinga av kriteriet vil få konsekvensar for toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester, som er eit øymerka tilskot utafor inntektssystemet. Det vert ikkje sagt noko om korleis eventuelt finansiere auke i det øymerka tilskotet. Risikerer kommunane trekk i innbyggartilskotet? Utvalet peikar vidare på at ein bør vurdere å innlemme deler av det øymerka toppfinansieringstilskotet i rammetilskotet.

Kinn kommune meiner at det på noverande tidspunkt er så uklart korleis heile dette komplekset vil slå ut, at PU-kriteriet ikkje bør blir nedvekta på noverande tidspunkt slik utvalet har foreslått.

Barnevernnøkkelen

Dagens delkostnadsnøkkel for barnevern bygger på regresjonsanalysar med særsvak forklaringskraft (under 8 pst). Forslag til ny kostnadsnøkkel har framleis særsvak forklaringskraft, då dei aktuelle analysemodellane til utvalet forklarar berre 10-14 pst av variasjonane i utgiftene til barnevern. Utvalet tilrår at delkostnadsnøkkelen for barnevern vert analysert på nytt når barnevernsreforma har blitt gjennomført, og verknadane av reforma har kome inn i datagrunnlaget.

Kinn kommune støttar utvalet si tilråding om å analysere barnevernnøkkelen på nytt. Kinn kommune meiner vidare at inntil forklaringskrafta i barnevernnøkkelen blir betydeleg sterkare, bør rammetilskot til barnevern i større grad bli fordelt via særskilt fordeling og ikkje via kostnadsnøkkelen. Som eit minimum må forklaringskrafta styrkast før den delen som kjem via særskilt fordeling i dag knytt til ansvarsovertaking barnevern, vert overført til fordeling via barnevernnøkkelen.

Barnehagenøkkelen

Utvalet foreslår å erstatte utdanningskriteriet og å ta ut kontantsstøttekriteriet av barnehagenøkkelen. I staden vert heiltidskriteriet innført, dvs tal lønsmottakarar 25-54 år i heiltidsstilling, som gis ein vekt på 20,09 pst.

Kinn kommune støttar utvalet si tilråding om å ta ut både utdanningskriteriet og kontantsstøttekriteriet av barnehagenøkkelen. Men mogleg bør tal barn i målgruppa (1-5år) gis høgare vekt enn 79,91 pst, og heiltidskriteriet tilsvarande lågare vekt.

Kommunal veg, og beredskap til brann og ulykkesvern

Utvalet har fått innspel om at dei bør vurdere å ta kommunen sine utgifter til dei to sektorane veg og brann og ulykkesvern inn i utgiftsutjamninga. Utvalet vurderer samla sett at mangel på valide og objektive kriterium for å fange opp utgiftsvariasjon, stor variasjon i kommunal organisering av tenestene og størrelsen på dei to sektorane gjer at tenestene ikkje bør inkluderast i utgiftsutjamninga.

Kinn kommune meiner at desse to sektorane bør vurderast inn i utgiftsutjamninga.

Veg

Tal kilometer kommunal veg og kostnad pr. kilometer veg rapportar kommunane til SSB. Til ein viss grad er dette avhengig av kommunen sine eigne val, men samstundes heng ofte kommunal veg saman med busetnad, næringsstruktur (havbruk, skogbruk, jordbruk, industri, reiseliv friluftsliv). Tenester som skuleskyss, tilkomst for heimetenester og næringstransport gjer at få vegar kan overførast til private. Mange næringsområder er lagt utanfor byar- og tettstader på grunn av støy, høg arealbruk og estetiske omsyn. Skogbruk- og landbruksdrift er også avhengig av stort kommunal vegnett. Kommunen har såleis plikt etter anna lovverk å oppretthalde, rehabilitere og vedlikehalde kommunale vegar.

Brann og ulykkesvern

Dimensjonering av brannvesen er forskriftsfesta. Forskrifta definerer tal på tilsette til forebyggjande oppgåver i brannvesenet ut frå innbyggjartal. Kommunen sin beredskap skal også dimensjonerast (tal personar tilsett og med døgnbemanning) etter innbyggjartal og by- og tettstadstruktur. Statistisk er det mogeleg å kople folketal i ein by eller ein tettstad mot bemanningsforskrifta. Kommunen må få godkjenning for brannordninga av DSB, og vil få pålegg om utbetring dersom bemanning ikkje er i samsvar med bemanningsnorma. <https://www.dsb.no/nyhetsarkiv/2021/ny-brann--og-redningsvesenforskrift-fra-1.-mars-2022/>. Det ligg til grunn sentral forhandla tariffavtale ytingar til brannmannskap. Kommunen er også plikta å være kopla til nødmeldesentral. Skal kommunen følgje forskriftene med omsyn på bemanning og beredskap vil truleg gjennomsnittskostnadene stige. Innføring av ny forskrift er ikkje kostnadsrekna og inngår såleis heller ikkje i utgiftsutjamninga, men er gitt som pålegg til kommunen å følgje opp.

Regionsentertilskot

Utvalet foreslår å avvike regionsentertilskotet. Regionsentertilskotet var ei av gulrøtene i samband med kommunereforma. Kinn kommune meiner at dette ikkje kan fjernast berre nokre få år etter kommunesamanslåinga.

Veksttilskot

Kinn kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å avvike veksttilskotet. Som utvalet skriv, det er ikkje godt dokumentert at kommunar med særleg høg folkevekst har problem med å tilpasse tenestetilbodet til ein raskt veksande befolkning. Ein rapport frå SSB viser tvert imot at vekstkommunar kan ha lågare utgifter enn andre kommunar, fordi vekstkommunane har fleire innbyggjarar, og stadig får enda fleire å dele investeringsutgiftene på. Vekstkommunar får fortløpande tilført meir pengar som følge av befolkningsveksten, sidan fleire innbyggjarar gir både auka innbyggartilskot og auka skatteinntekter. Kinn kommune meiner at midlane til veksttilskot bør bli fordelt til alle kommunane via innbyggartilskotet.

Grunnskule, demografi og investeringsbehov for å omstrukturere

Inntektssystemet fordeler i stor grad inntektene til kommunane etter tal innbyggjarar. Tal innbyggjarar i alder 0-15 år går ned for svært mange kommunar. Det medfører årleg reduserte overføringar frå staten til kommunane, noko som legg stort press på tenestetilbodet til barn og unge. Men oppvekst er ingen solnedgangsteneste. Kommunane skal framleis levere gode tenester til barn og unge. For kommunane betyr omstillingsbehovet knytt til demografi gjerne eit auka investeringsbehov.

Kinn kommune stiller spørsmål om utfordringane knytt til grunnskule blir godt nok fanga opp samla sett i inntektssystemet. Kinn kommune tilrår at denne problemstillinga blir utgreidd vidare.

Bakgrunn for saka:

Inntektssystemutvalet blei oppnemnd 12. mai 2020, og fekk i oppdrag å foreta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane.

Inntektssystemet er eit system for fordeling av det statlege rammetilskotet og omfordeling av kommunane sine skatteinntekter, samla kalla kommunen sine frie inntekter. Inntektssystemet består av fleire element, med anna ei utgiftsutjamning som skal kompensere kommunane for ufrivillige variasjonar i utgiftsbehovet, ei utjamning av skatteinntekter og ulike regionalpolitisk grunngejevne tilskot.

Utvalet skulle vurdere dagens inntektssystem for kommunane og dei ulike elementa i dette, samt komme med forslag til ny utforming av inntektssystemet.

Utvalet si utgreiing blei overlevert til Kommunal- og distriktsdepartementet 29. august 2022. Utvalet si utgreiing er no på høyring – med utsett høyringsfrist 4.1.2023.

Vurderingar:

Rammestyring

Utvalet skriv:

«Selv om rammestyring er hovedprinsippet for den statlige styringen av kommunesektoren, er det samtidig en del eksempler på at staten styrer kommunene relativt detaljert på enkeltområder. Dette kommer til uttrykk i form av innføring av bemanningsnormer og rettighetsfesting. Med utsikter til strammere økonomiske rammer framover og økende demografiske utfordringer, mener utvalget at det er viktig at kommunene gis handlingsrom til å utnytte kunnskapen om lokale forhold til å tilpasse tjenesteytingen til lokale preferanser.»

Kinn kommune støtter utvalet sin presisering av behovet for rammestyring og et sterkt lokaldemokrati. Kinn kommune meiner at rammestylinga bør styrkast, samtidig som nasjonale føringar knytt til bemanningsnivå og lovfesting av individuelle rettigheter må

reduserast. Dette med anna for å sette kommunane i stand til å handtere behovet for økonomiske omstilling vi står ovanfor.

Kommunal fridom - eigedomsskatt

Kinn kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om at den kommunale fridomen til å sette eigedomsskattesats for bustad og fritidsbustad vert ført tilbake til same nivå som i 2019, der alle satsane følgde dei generelle reglane i eigedomsskattelova på mellom 2 og 7 promille, og utan ein nasjonalt bestemt reduksjonsfaktor på eigedomsverdien. Dette vil styrke lokaldemokratiet.

Kommunal fridom – grunnskuletilskott

Kinn kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å avvike grunnskuletilskottet som blei innført i 2022. Midlane bør heller blir fordelt som frie inntekter etter ordinære kriterium i innbyggartilskottet, slik utvalet foreslår. Kinn kommune meiner at lokaldemokratiet vil bli styrka ved at det er kommunestyret som skal ta avgjerd om bruken av desse midlane.

PU-kriteriet og ordninga med ressurskrevjande tenester

Utvalet sitt forslag til nedvekt av PU- kriteriet gir betydeleg omfordelingseffekt mellom kommunane. Dette rammer i særleg grad kommunar som av historiske årsaker har mange personar i gruppa. Nedvektinga av kriteriet vil få konsekvensar for toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester, som er eit øymerke tilskot utafor inntektssystemet. Det vert ikkje sagt noko om korleis eventuelt finansiere auke i det øymerke tilskottet. Risikerer kommunane trekk i innbyggartilskottet? Utvalet peikar vidare på at ein bør vurdere å innlemme deler av det øymerke toppfinansieringstilskottet i rammetilskottet.

Kinn kommune meiner at det på noverande tidspunkt er så uklart korleis heile dette komplekset vil slå ut, at PU-kriteriet ikkje bør blir nedvekta på noverande tidspunkt slik utvalet har foreslått.

Barnevernnøkkelen

Dagens delkostnadsnøkkel for barnevern bygger på regresjonsanalysar med særsvak forklaringskraft (under 8 pst). Forslag til ny kostnadsnøkkel har framleis særsvak forklaringskraft, då dei aktuelle analysemodellane til utvalet forklarar berre 10-14 pst av variasjonane i utgiftene til barnevern. Utvalet tilrår at delkostnadsnøkkelen for barnevern vert analysert på nytt når barnevernsreforma har blitt gjennomført, og verknadane av reforma har kome inn i datagrunnlaget.

Kinn kommune støtter utvalet si tilråding om å analysere barnevernnøkkelen på nytt. Kinn kommune meiner vidare at inntil forklaringskrafta i barnevernnøkkelen blir betydeleg sterkare, bør rammetilskott til barnevern i større grad bli fordelt via særskilt fordeling og ikkje via kostnadsnøkkelen. Som eit minimum må forklaringskrafta styrkast før den delen som kjem via særskilt fordeling i dag knytt til ansvarsovertaking barnevern, vert overført til fordeling via barnevernnøkkelen.

Barnehagenøkkelen

Utvalet foreslår å erstatte utdanningskriteriet og å ta ut kontantsstøttekriteriet av barnehagenøkkelen. I staden vert heiltidskriteriet innført, dvs tal lønsmottakarar 25-54 år i heiltidsstilling, som gis ein vekt på 20,09 pst.

Kinn kommune støttar utvalet si tilråding om å ta ut både utdanningskriteriet og kontantsstøttekriteriet av barnehagenøkkelen. Men mogleg bør tal barn i målgruppa (1-5år) gis høgare vekt enn 79,91 pst, og heiltidskriteriet tilsvarande lågare vekt.

Kommunal veg, og beredskap til brann og ulykkesvern

Utvalet har fått innspel om at dei bør vurdere å ta kommunen sine utgifter til dei to sektorane veg og brann og ulykkesvern inn i utgiftsutjamninga. Utvalet vurderer samla sett at mangel på valide og objektive kriterium for å fange opp utgiftsvariasjon, stor

variasjon i kommunal organisering av tenestene og størrelsen på dei to sektorane gjer at tenestene ikkje bør inkluderast i utgiftsutjamninga.

Kinn kommune meiner at desse to sektorane bør vurderast inn i utgiftsutjamninga.

Veg

Tal kilometer kommunal veg og kostnad pr. kilometer veg rapportert kommunane til SSB. Til ein viss grad er dette avhengig av kommunen sine eigne val, men samstundes heng ofte kommunal veg saman med busetnad, næringsstruktur (havbruk, skogbruk, jordbruk, industri, reiseliv friluftsliv). Tenester som skuleskyss, tilkomst for heimetenester og næringstransport gjer at få vegar kan overførast til private. Mange næringsområder er lagt utanfor byar- og tettstader på grunn av støy, høg arealbruk og estetiske omsyn. Skogbruk- og landbruksdrift er også avhengig av stort kommunal vegnett. Kommunen har såleis plikt etter anna lovverk å oppretthalde, rehabilitere og vedlikehalde kommunale vegar.

Brann og ulykkesvern

Dimensjonering av brannvesen er forskriftsfesta. Forskrifta definerer tal på tilsette til forebyggjande oppgåver i brannvesenet ut frå innbyggjartal. Kommunen sin beredskap skal også dimensjonert (tal personar tilsett og med døgnbemanning) etter innbyggjartal og by- og tettstadstruktur. Statistisk er det mogeleg å kople folketal i ein by eller ein tettstad mot bemanningsforskrifta. Kommunen må få godkjenning for brannordninga av DSB, og vil få pålegg om utbetring dersom bemanning ikkje er i samsvar med bemanningsnorma. <https://www.dsb.no/nyhetsarkiv/2021/ny-brann--og-redningsvesenforskrift-fra-1.-mars-2022/>. Det ligg til grunn sentral forhandla tariffavtale ytingar til brannmannskap. Kommunen er også plikta å være kopla til nødmeldesentral. Skal kommunen følgje forskriftene med omsyn på bemanning og beredskap vil truleg gjennomsnittskostnadene stige. Innføring av ny forskrift er ikkje kostnadsrekna og inngår såleis heller ikkje i utgiftsutjamninga, men er gitt som pålegg til kommunen å følgje opp.

Regionsentertilskot

Utvalet foreslår å avvike regionsentertilskotet. Regionsentertilskotet var ei av gulrøtene i samband med kommunereforma. Kinn kommune meiner at dette ikkje kan fjernast berre nokre få år etter kommunesamanslåinga.

Veksttilskot

Kinn kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å avvike veksttilskotet. Som utvalet skriv, det er ikkje godt dokumentert at kommunar med særleg høg folkevekst har problem med å tilpasse tenestetilbodet til ein raskt voksende befolkning. Ein rapport frå SSB viser tvert imot at vekstkommunar kan ha lågare utgifter enn andre kommunar, fordi vekstkommunane har fleire innbyggjarar, og stadig får enda fleire å dele investeringsutgiftene på. Vekstkommunar får fortløpande tilført meir pengar som følge av befolkningsveksten, sidan fleire innbyggjarar gir både auka innbyggartilskot og auka skatteinntekter. Kinn kommune meiner at midlane til veksttilskot bør bli fordelt til alle kommunane via innbyggartilskotet.

Grunnskule, demografi og investeringsbehov for å omstrukturere

Inntektssystemet fordeler i stor grad inntektene til kommunane etter tal innbyggjarar. Tal innbyggjarar i alder 0-15 år går ned for svært mange kommunar. Det medfører årleg reduserte overføringar frå staten til kommunane, noko som legg stort press på tenestetilbodet til barn og unge. Men oppvekst er ingen solnedgangsteneste. Kommunane skal framleis levere gode tenester til barn og unge. For kommunane betyr omstillingsbehovet knytt til demografi gjerne eit auka investeringsbehov.

Kinn kommune stiller spørsmål om utfordringane knytt til grunnskule blir godt nok fanga opp samla sett i inntektssystemet. Kinn kommune tilrår at denne problemstillinga blir utgreidd vidare.

Vedlegg i saken:

NOU 2022 10 - Nytt inntektssystem for kommunene
nou-2022-10---forslag-til-nytt-inntektssystem---sigmund-engdal-ks - økonominettverk
Vestland 15 11 22



Saksnr.	Utval	Møtedato
188/22	Kommunestyret	15.12.2022

Val av komite for politisk organisering

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Følgjande medlemmer vert vald som komite for politisk organisering i Kinn kommune:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Kommunestyret 15.12.2022:

Handsaming:

Forslag til medlemmer, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Følgande vert valgt:

Frank Willy Djuvik (personleg vara : Sidsel Kongsvik)

Jan Henrik Nygård (personleg vara: Jacob Nødset)

Hanne Husebø Kristensen (personleg vara: Vidar Grønnevik)

Silje Ø. Standal (personleg vara: Anders Ole Sunnarvik)

Geir Oldeide (personleg vara: Ingunn Frøyen)

Utvalet konstituerer seg, og vel sjølv leiar

Røysting:

Forslag til medlemmer samrøystes vedtatt.

KOST- 188/22 Vedtak:

Følgande vert valgt:

Frank Willy Djuvik (personleg vara: Sidsel Kongsvik)

Jan Henrik Nygård (personleg vara: Jacob Nødset)

Hanne Husebø Kristensen (personleg vara: Vidar Grønnevik)

Silje Ø. Standal (personleg vara: Anders Ole Sunnarvik)

Geir Oldeide (personleg vara: Ingunn Frøyen)

Utvalet konstituerer seg, og vel sjølv leiar.

Bakgrunn for saka:

Det vart i kommunestyremøte 17.11.2022 i sak 152/22 vedtatt å sette ned eit utval med 5 politiske representantar, som skal vurdere den politiske organiseringa, utvalsstruktur, vedtekter for dei kommuneale føretaka, møtereglementet og arbeidsvilkår for folkevalde.

Saksopplysningar:

I sak 152/22 Drøfting - Politisk organisering i Kinn kommune vart følgjande vedtak fatta:

- 1. Kommunestyret i Kinn skal framleis ha 39 representantar.*
- 2. Det vert sett ned eit utval med 5 politiske representantar, som skal vurdere følgande:*
 - Den politiske organiseringa, utvalsstruktur mm.*
 - Vedtekter for dei kommunale føretaka*
 - Møtereglement og arbeidsvilkår for folkevalde*
- 3. Administrasjonen skal stille med sekretariat og eventuell utgreiingskapasitet til utvalet. Arbeidet skal munne ut i ei innstilling til kommunestyret på politisk organisering, møtereglement og arbeidsvilkår for folkevalde innan 1. april 2023.*
- 4. Gruppearane skal være referansegruppe.*
- 5. Valkomiteen legg fram innstilling til medlemmar av utvalet, som skal velgast på kommunestyremøtet i desember 2022.*

Vurderingar:**Økonomiske konsekvensar:****Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**